

Kommunal- og regionaldepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo



Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		MR 12353/2008/023	Toril Eliassen Rusten, 71 25 87 12	29.04.2008

Høyeringssvar frå Møre og Romsdal fylkeskommune om forvaltningsreforma

Møre og Romsdal fylkesting behandla ovannemnde sak i møte 16. april 2008 og gjorde følgjande samrøystes vedtak:

1. Møre og Romsdal fylkeskommune viser til sine tidlegare vedtak om regionnivået, med fleirtals- og mindretalsmerknader (vedlegg). Einskapsfylkemodellen står sentralt. Forskningsrapportar og evaluering av forsøket har vore alt overvegande positive. Med full integrering av økonomi- og arkivsystem på fylkeskommunalt og statleg nivå regionalt, vil effektivitet og rasjonell gjennomføring kunne bli endå meir positivt.
2. Møre og Romsdal fylkeskommune er positive til at fylkeskommunane gjennom forvaltningsreforma får overført nye oppgåver. Særleg på samferdselsområdet er ansvaret vesentleg utvida. Det er positivt at fylkeskommunane no får ansvaret for øvrige riksvegar med tilhøyrande ferjesamband. Føresetnaden må vere slik det framgår av uttale til NTP 2010 – 2019 punkt 16, sitat: Øvrige riksvegar skal ifølgje NTP-forslaget overførast til fylka i den stand dei er i ved overtakingstidspunktet i 2010. Fylkestinget støttar denne reforma, men krev eit langt større økonomisk bidrag frå staten enn NTP-forslaget. Dette er for å forsvare eit høgst naudsynt vegvedlikehald, og i tillegg for å vidareutvikle vegnettet ved nyinvesteringar.
3. Det må vere ein absolutt føresetnad for overføring av ansvaret for øvrige riksvegar at kostnadene blir kompenserte fullt ut og at vegnettet blir overlevert i forsvarleg stand.
4. Skal regionane bli ei aktiv prioriteringsmyndigheit innanfor vegsektoren, er det nødvendig at dei har ansvaret for dei strategiske prosessane rundt det regionale vegnettet.
5. Det er positivt at folkehelse blir presisert som ei ordinær oppgåve for regionane. Vidare at regionane også får ansvaret for tannhelsetenesta i framtida.
6. Fylkestinget i Møre og Romsdal meiner at regionale forskingsfond vil bli eit verdifullt nytt verkemiddel for regionane. Forskingsfonda vil gje regionane betre tilgang på forskning som ein viktig føresetnad for utviklinga i regionane. Fylkestinget har behandla dette i eiga sak.
7. Fylkestinget i Møre og Romsdal legg til grunn at alle oppgåver der det er behov for regionalpolitisk skjønn, og som er viktige for den regionale utviklinga, skal bli lagt til fylkeskommunane.
8. Fylkestinget vil peike på at dei overordna måla med forvaltningsreforma er eit forsterka folkestyre lokalt og regionalt og at ein gjennom regional samordning skal auke verdiskapinga og sysselsetjinga ved å nytte dei lokale fortrinna. Dette er gevinstar som burde fått ein større plass i høyringsnotatet, og særleg i dei vurderingane som dei einskilde fagdepartement har gjort i sine framstillingar.

9. Ved at det einskilde fagdepartement har hatt ansvaret for framlegga i høyringsnotatet, er det ikkje gjort ei heilskapleg vurdering av ny oppgåveportefølje for fylkeskommunane. Det er heller ikkje vurdert om summen av framlegga samsvarer med Stortinget sine føresetnader for reforma. Det er ein svakheit ved høyringsnotatet.
 10. På fleire område følgjer ikkje høyringsnotatet opp dei føringane som er gitt i St.meld. nr 12 (2006-2007) og av Stortinget i deira behandling av meldinga. Fleire av forslaga i St.meld. nr. 12 (2006-2007) er ikkje vurderte, og fleire er utsette til ei seinare behandling. Særleg er dette tydeleg på kulturområdet der fleire spørsmål blir skuva ut i tid.
 11. Fråsegna frå Møre og Romsdal fylkeskommune om nye oppgåver blir elles slik det går fram av fylkesdirektøren sine merknader til dei konkrete forslaga i høyringsnotatet slik dette er framstilt i saksframlegget.
 12. Fylkestinget i Møre og Romsdal har gitt fleire høyringsfråsegner tidlegare om regionstruktur. Det er ikkje noko i St.meld. nr. 12 (2006-2007), vedtaka i Stortinget 10. mai eller i høyringsnotatet som gjer at Møre og Romsdal fylkesting har endra sitt standpunkt: Fylkestinget i Møre og Romsdal avviser store landsdelsregionar til erstatning for dagens fylkeskommunar.
 13. Fylkestinget i Møre og Romsdal føretrekkjer modellen med forsterka fylkeskommune framfor regionmodellen slik modellane er omtala i St.meld. nr. 12 (2006-2007).
 14. Saka om forvaltningsreforma viser tydeleg kva som er einskapsfylket sin styrke. Uavhengig av kva løysing Stortinget kjem fram til, kan fagmiljøa halde fram samla i einskapsfylket. Einskapsfylket vil og handtere lett eit eventuelt skifte i oppdragsgivar på dei oppgåveområda som ligg til den felles organisasjonen. Med einskapsfylke har innbyggjarar, kommunar, næringsliv og organisasjonar i Møre og Romsdal fått ein meir robust og effektiv organisasjon.
 15. Møre og Romsdal fylkesting vil leggje einskapsfylkemodellen til grunn for framtidig organisering av regionnivået. Det er godt dokumentert at forsøket med einskapsfylke har hatt positiv effekt for samhandling, ressursutnytting, innovasjon og regional utvikling i Møre og Romsdal. Dette tek og kommunane frå fylket opp i sine høyringssvar. Fylkestinget i Møre og Romsdal synest det er gledeleg at Stortinget den 10. mai opna for ei vidareføring og vidareutvikling av einskapsfylkemodellen der det er regionalpolitisk vilje til det.
 16. Regional stat bør i størst mogleg grad følgje grensene til dei nye regionane.
- ./. Kopi av saksutgreiinga og utskrift av møteboka følgjer vedlagt.

Med helsing

Olav Bratland
fylkesordførar

Toril Eliassen Rusten
konsulent

Kopi:
Stortingsrepresentantane frå Møre og Romsdal

Kommunal- og regionaldepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo



Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		MR 12354/2008/023	Toril Eliassen Rusten, 71 25 87 12	29.04.2008

Høyringsvar frå Møre og Romsdal fylkeskommune på Forskingsrådet si utgreiing om regionale forskingsfond

Møre og Romsdal fylkesting behandla ovannemnde sak i møte 16. april 2008 og gjorde følgjande samrøystes vedtak:

"Fylkestinget sluttar seg til fylkesdirektøren sine merknader til Forskingsrådet sin rapport *"Utredning om opprettelse av regionale forskningsfond"* slik dei går fram av saksutgreiinga ovanfor."

./. Kopi av saksutgreiinga følgjer vedlagt.

Med helsing

Olav Bratland
fylkesordførar

Toril Eliassen Rusten
konsulent

Kopi:
Stortingsrepresentantane frå Møre og Romsdal



Møre og Romsdal fylke



saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
14.03.2008	MR 7213/2008	Ingunn Bekken Sjøholm

Saksnr
U-35/08
T-14/08

Utval
Fylkesutvalet
Fylkestinget

Møtedato
01.04.2008
16.04.2008

Høyringsvar frå Møre og Romsdal fylkeskommune på Forskringsrådet si utgreiing om regionale forskingsfond

Bakgrunn

I brev frå Kommunal- og regionaldepartementet datert 26.02.08 om høyring på forvaltningsreforma, blir høyringsinstansane samstundes bedne om å gi uttale på Norges Forskringsråd si utgreiing om nye regionale forskingsfond.

Forskringsrådet har i utgreiinga nytta omgrepet "region". Inntil ny definisjon blir avgjort i sluttbehandlinga av forvaltningsreforma, tek utgreiinga som utgangspunkt at det er fylkeskommunane som er "det regionale nivået".

Bakgrunnen for utgreiinga er regjeringa sitt forslag om regionale forskingsfond i regionalmeldinga (St.meld. nr. 12 (2006-2007) *Regionale fortrinn – regional framtid*), samt Stortinget si behandling av saka (Innst. S. nr. 166 (2006-2007)).

Regionale forskingsfond er foreslått etablert ut frå erkjenninga av at forskning er viktig for regional utvikling. Soria Moria-erklæringa slår fast at innovasjon og næringsutvikling er sentrale mål for forskingsinnsatsen. Samanhengen mellom kunnskaps- og næringspolitikken er utgangspunktet for at forskning og utvikling (FoU) og blir sett som ein sentral del av regionalpolitikken. Kunnskap i form av utdanning, forskning og gode innovasjonssystem er i aukande grad viktig for økonomisk vekst og utvikling i ein region.

Regionale forskingsfond skal styrke forskning for regional innovasjon og utvikling ved å støtte opp under regionen sine prioriterte innsatsområde og mobilisere til auka FoU innsats. Fonda skal møte uttrykte FoU-behov i regionane gjennom å støtte FoU prosjekt initiert av bedrifter og/eller offentlege verksemder. Fonda skal og kunne medverke til langsiktig, grunnleggjande kompetansebygging i relevante forskingsmiljø innanfor regionen sine prioriterte område.

Regionale forskingsfond skal vere eit verkemiddel for regionane til å utvikle sin region gjennom aktiv forskings- og kunnskapspolitikk. Gjennom planmessig bruk av fondsmidla kan regionane ha fokus på utvalte bransjar og fagområde som er viktige for regionen. Gjennom samhandling med andre regionar og med nasjonale og internasjonale program kan desse effektane auke. Med riktig bruk vil dei regionale fonda kunne medverke til styrking av konkurranseevna til det regionale

næringslivet og til større deltaking frå dei regionale forskingsmiljøa i nasjonale og internasjonale forskingsprogram.

Stortinget har gjennom regionale forskingsfond ønskt at regionane skal ha større ansvar for bruken av forskning for å fremme utvikling i eigen region. Dette gir ifølgje Forskringsrådet to ulike mål som ein må kombinere:

- Forsking som blir styrt av regionane, må medverke optimalt til utvikling og verdiskaping i regionane, samt mobilisere til auka forskingsinnsats
- Forsking som blir styrt av regionane, må vere av god kvalitet og godt koordinert med forskning som blir gjort elles i Norge.

Koordinering med andre verkemiddel for regional utvikling

Forskringsrådet meiner det er nødvendig å sjå dei regionale forskingsfonda i samanheng med andre verkemiddel for regional utvikling, t.d. satsingane VRI (Verkemiddel for Regional FoU og Innovasjon), NCE (Norwegian Centres of Expertise) og Arena (Innovasjon i nettverk).

Det er viktig at VRI og regionale forskingsfond supplerer kvarandre, slik at VRI utgjør ei plattform for samhandling for prosjekt som søker finansiering frå regionale forskingsfond. Gjennom VRI har regionane allereie prioritert innsatsområde, dvs. tatt klare og grunngitte val med omsyn til kva næringsområde som har potensial for auka FoU-innsats.

Forskringsrådet meiner at dei regionale forskingsfonda bør understøtte og forsterke regionale satsingar som allereie er sett i gong, ved å vere ei kjelde til FoU-prosjektfinansiering av gode idear som kjem fram gjennom dei andre satsingane. Både VRI, NCE og Arena fokuserer på regional samhandling og mobilisering, men ingen av programma har middel til finansiering av FoU-prosjekt utover små forprosjektmiddel.

Utarbeiding av regionale FoU-strategiar

Ei forsvarleg forvaltning av dei regionale forskingsfonda føreset, jf. Forskringsrådet, at regionane utarbeider regionale FoU-strategiar. Formålet med ein FoU-strategi er å skape oppslutning om regionen sine grunnleggjande prioriteringar og vegval, og gi retning til samarbeidet mellom dei regionale utviklingsaktørane.

Forskringsrådet foreslår at den regionale FoU-strategien blir utarbeidd av det regionale partnerskapet og vedtatt av fylkestinget/regiontinget. Strategien bør vere fleirårig og knytt opp til fylkesplanen.

FoU-strategi og fortløpande strategisk dialog vil vere basis for utviklinga av årlege handlingsplanar for regionale forskingsfond.

Forskringsrådet si tilråding

Forskringsrådet foreslår at det blir etablert eit nytt nasjonalt fond for regional forskning som gir regionale fondsmiddel til fordeling gjennom regionale forskingsfond. Den årlege avkastninga blir fordelt til regionale einingar.

Fonda bør gi ei årleg avkastning til fordeling på omkring 300-400 mill. NOK.

80-85 % av avkastninga frå fondet blir fordelt mellom dei regionale forskingsfonda. Halvparten blir fordelt likt mellom fonda, og halvparten blir fordelt etter talet på

innbyggjarar i regionen. Dei resterande 15-20 % vil Forskringsrådet leggje i ein pott som dei regionale fonda konkurrerar om på bakgrunn av kvalitet.

Dei regionale forskingsfonda blir finansiert med friske middel, og skal ikkje gå på kostnad av nasjonale forskingsprioriteringar.

Det blir lagt opp til ein meny av ulike finansieringsordningar som fonda kan velje blant. Menyen dekkjer heile "verdikjeda": 1) mobilisering av nye bedrifter og offentleg verksemder, 2) styrking av FoU-aktivitet i bedrifter og offentlege verksemder, 3) langsiktig kompetansebygging, 4) få løfte fram regionale problemstillingar på den nasjonale forskingsagendaen.

Forskringsrådet må ha ei aktiv rolle i utviklinga og forvaltninga av dei regionale forskingsfonda.

Regionane prioriterer innsatsområde gjennom ein heilskapeleg FoU-strategi og gir ramme for bruken av regionale forskingsmiddel m.o.t. tematikk, målgruppe og vektlegging av finansieringsordningar.

Regionalt forskingsfond deler ut FoU-middel etter råd frå nasjonale ekspertpanel.

Det blir oppretta eit styre for kvart av dei regionale forskingsfonda, der regionane oppnemnar styreleiar og fleirtalet av medlemene i styret. Forskringsrådet oppnemnar på vegne av staten resten av medlemene.

Eit regionalt forskingsfond må som eit minimum dekke meir enn eitt fylke. Forskringsrådet foreslår 5-7 regionale forskingsfond. Grunngevinga er at fonda må ha ei viss breidde i nedslagsfeltet og ha tilgang til tilstrekkeleg forskingsfagleg kompetanse.

Vurdering

Forslaget om regionale forskingsfond gir regionale politikarar høve til innsats og påverknad på eit nytt politikkområde. Dei regional forskingsfonda kan bli eit nyttig verkemiddel for regionane i arbeidet med regional utvikling.

Gjennom forskingsfonda kan bedrifter og offentlege verksemder i Møre og Romsdal få betre tilgang til forskning, utført i dei best kvalifiserte miljøa regionalt, nasjonalt eller internasjonalt.

Det er positivt at forskingsfonda har som ambisjon å styrke FoU-kompetansen innan regionalt prioriterte område. Langsiktig kompetansebygging og nettverksbygging som del av dette er to gode forslag i utgreiinga. Og det er viktig å få høve til å bringe regionale problemstillingar opp på den nasjonale forskingsagendaen. Ved å etablere eit system som stimulerer forskingsutvikling og idear regionalt, kan ein få fram ny breidde i nasjonal forskning.

KS har gitt eit førebels høyringssvar der dei har følgjande merknader:

Ordningen må finansieres med betydelige friske midler

Kollegiet vil understreke at regionale forskningsfond må være et løft for den samlede forskningsinnsatsen i Norge. De økonomiske rammene for ordningen bør minimum være på 400 mill i fondsavkastning pr år.

Nasjonal konkurransepott er unødvendig og virker byråkratiserende

Kollegiet er opptatt av å stimulere til samarbeid mellom ulike forskningsfond, men mener oppretting av en nasjonal konkurransepott ikke er en god løsning. Ressursene skal koples opp mot øvrige virkemidler og tiltak for regional utvikling. Kvaliteten og relevansen av prosjekter skal være regionenes eget ansvar, basert på kunnskap om egen regions behov og etter råd fra nasjonale ekspertpaneler.

Fondet må være fullfinansiert ved oppstart

Kollegiet mener de regionale fondene må ha 100% avkastning fra dag 1. Forvaltningsreformen trer i kraft fra 2010 og da må oppgavene, ansvaret og den totale økonomien være på plass. Kollegiet går i mot at det legges opp til en opptrappingsplan der avkastningen til fordeling øker fra 40% til 100% over en treårsperiode.

Regionene må lede sekretariatene

I utredningen fra Forskningsrådet er det anbefalt at sekretariatene består av Forskningsrådet, Innovasjon Norge og regionenes administrasjon. Kollegiet vil understreke at sekretariatene må ha en ansvarlig person som leder, og denne bør komme fra regionen. Sekretariatet kan gjerne også bestå av fagpersoner fra Forskningsrådet og Innovasjon Norge.

Inndeling i fondsregioner

Kollegiet slutter seg til at de regionale forskningsfondene minimum må dekke mer enn ett av dagens fylker, slik at de får en viss kritisk minstestørrelse og blir slagkraftige. Kollegiet vil selv ta initiativ til å finne frem til en hensiktsmessig inndeling i forskningsfondsregioner. Ordningen må bl.a ses i lys av inndelingen av regionale innovasjonsselskaper, og i sammenheng med den geografiske inndelingen av universitets- og høgskolesystemet.

Punkta om friske midlar, at fondet må vere fullfinansiert ved oppstart, samt at regionane må leie sekretariatet, er merknader som Møre og Romsdal fylke stiller seg bak. Når det gjeld sekretariatsfunksjonen, vil vi peike på at det er fylkeskommunen som er den koordinerande aktøren i regional utvikling, ei rolle som er tenkt ytterlegare styrka frå 2010. Fylkeskommunane har lang erfaring i å vurdere søknader og følgje opp aktørar som får tildelt midlar til regional utvikling og innovasjon. M.a. ligg ansvaret for VRI-programmet til fylkeskommunen.

Når det gjeld konkurransepotten på 15-20 %, så deler vi ikkje nødvendigvis KS sitt syn. Ein nasjonal konkurranse basert på kvalitet kan etter vår vurdering vere positivt. Det regionale partnerskapet i Møre og Romsdal har ved fleire tidlegare høve kome godt ut i slike konkurransar, t.d. i samband med VRI-satsinga. Ein nasjonal konkurransepott kan etter vår vurdering vere nyttig for nasjonal benchmarking.

Forskningsrådet koplar storleik på fonda og kvalitet på forskingsprosjekta. Vi gjer Kommunal- og regionaldepartementet merksame på at i Møre og Romsdal er ikkje problemet mangel på gode prosjekt, men mangel på midlar til å utvikle dei.

Vi er ikkje samde med KS og Forskningsrådet i at forskingsfonda må organiserast etter landsdelar. Fylkeskommunane er tett kopla opp mot dei lokale og regionale næringsklyngene og innovasjonssystema – d.v.s. målgruppa for dei nye regionale forskingsfonda. Særleg når det gjeld å mobilisere lokale bedrifter og offentlege

verksemdar til auka FoU satsing er nærleiken avgjerande. Det same gjeld regionale brukarstyrte FoU prosjekt, der nærleik til målgruppa er viktig for å vurdere søknader og kunne følgje opp bruken av midlane. Med ei landsdelsinndeling av fonda vil ein ikkje vere i stand til å fange opp breidda i regionale føresetnader og utfordringar.

Sidan dei regionale forskingsfonda er meint å vere verkemiddel for dei nye regionane i arbeidet med regional utvikling, er det viktig at fonda får same inndeling som dei nye regiongrensene. Det er uheldig med organisasjonar som går på tvers av demokratiske grenser. Det blir vanskeleg for veljarar i Møre og Romsdal å vurdere eigne politikarar frå fylket, når det som blir gjort er eit resultat av det fleire fylke har gjort til saman. Ei landsdelsinndeling av fonda gir dermed eit demokratisk styringsmessig vakuum.

I tillegg kjem at den heilskaplege FoU-strategien og forskingsfonda vil vere nært knytt til iverksetting av framtidige fylkesplanar. Det føreset at dei midlane som regiontinget/fylkestinget har mynde over er føreseielege.

Fylkeskommunane har mynde over ulike verkemiddel for regional utvikling, og som Forskringsrådet tek opp, er det naturleg at desse verkemidlane kan kombinerast med bruken av dei regionale forskingsfonda. Det er opplagt at viljen til å bruke andre verkemiddel i kombinasjon med regionale forskingsfond, heng saman med mynde og kontroll over dei regionale forskingsfonda. Det kan nemnast at Møre og Romsdal fylke i 2007 gav 12,4 mill. kr i drifts- og utviklingsstøtte til FoU-miljø i Møre og Romsdal.

Ei landsdelsinndeling vil og føre til mykje arbeid med samordning av ulike regionale omsyn. Dei største utfordringane i Sør-Trøndelag er ikkje lik dei utfordringane vi har i Møre og Romsdal. Erfaringane frå det regionale såkornfondet er at bruken av midlane blir sentralisert til området rundt hovudkontoret. Da Såkorninvest Midt-Norge låg i Trondheim, vart 94% av midlane investert i Sør-Trøndelag (89% i Trondheim). På bakgrunn av slike erfaringar er det grunn til å frykte ei skeivfordeling av midlar og frå det regionale forskingsfondet.

I tillegg til kommentarane som er gitt ovanfor, har fylkesdirektøren følgjande merknader:

- Midlar frå forskingsfondet må kunne overførast frå år til år for å sikre ein fleksibel bruk av midlane.
- Regionane kan sjølv administrere tildelinga til regionale brukarstyrte FoU-prosjekt, her er ikkje behov for ei nasjonal ekspertvurdering. Det er tilstrekkeleg at sekretariatet i regionane får opplæring i bruk av Forskringsrådet sine prosessar, malar og system for saksbehandling av søknader. Fylkeskommunane har kompetanse i tildeling av utviklingsmidlar som ein bør byggje vidare på. Dette vil redusere dei administrative kostnadene knytt til fordeling av midlar frå forskingsfonda.
- For langsiktige kompetanseprosjekt er nasjonal ekspertvurdering nyttig. I ekspertpanela er det viktig at dei beste kompetansemiljøa frå heile landet kjem med, både av omsyn til kompetansen i panelet, og kvaliteten på dei råda som blir gitt av ekspertpanelet.

Forslag til vedtak:

Fylkestinget sluttar seg til fylkesdirektøren sine merknader til Forskingsrådet sin rapport "*Utredning om opprettelse av regionale forskningsfond*" slik dei går fram av saksutgreiinga ovanfor.

Behandling i Fylkesutvalet - 01.04.2008

Jon Aasen, Ap, fremma følgjande forslag:

"Det er heilt avgjerande at fonda får same geografiske grense som dei nye regionane/fylka."

Fylkesdirektøren orienterte.

Jon Aasen trekte sitt forslag.

Samrøystes tilråding frå Fylkesutvalet - 01.04.2008

Fylkestinget sluttar seg til fylkesdirektøren sine merknader til Forskingsrådet sin rapport "*Utredning om opprettelse av regionale forskningsfond*" slik dei går fram av saksutgreiinga ovanfor.

Behandling i Fylkestinget - 16.04.2008

Oddbjørn Vatne, Sp, var ute under voteringa.

Samrøystes vedtak i Fylkestinget - 16.04.2008

Fylkestinget sluttar seg til fylkesdirektøren sine merknader til Forskingsrådet sin rapport "*Utredning om opprettelse av regionale forskningsfond*" slik dei går fram av saksutgreiinga ovanfor.

Ottar Brage Guttelvik
fylkesdirektør

Kommunal- og regionaldepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo



Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		MR 12353/2008/023	Toril Eliassen Rusten, 71 25 87 12	29.04.2008

Høyeringssvar frå Møre og Romsdal fylkeskommune om forvaltningsreforma

Møre og Romsdal fylkesting behandla ovannemnde sak i møte 16. april 2008 og gjorde følgjande samrøystes vedtak:

1. Møre og Romsdal fylkeskommune viser til sine tidlegare vedtak om regionnivået, med fleirtals- og mindretalsmerknader (vedlegg). Einskapsfylkemodellen står sentralt. Forskningsrapportar og evaluering av forsøket har vore alt overvegande positive. Med full integrering av økonomi- og arkivsystem på fylkeskommunalt og statleg nivå regionalt, vil effektivitet og rasjonell gjennomføring kunne bli endå meir positivt.
2. Møre og Romsdal fylkeskommune er positive til at fylkeskommunane gjennom forvaltningsreforma får overført nye oppgåver. Særleg på samferdselsområdet er ansvaret vesentleg utvida. Det er positivt at fylkeskommunane no får ansvaret for øvrige riksvegar med tilhøyrande ferjesamband. Føresetnaden må vere slik det framgår av uttale til NTP 2010 – 2019 punkt 16, sitat: Øvrige riksvegar skal ifølgje NTP-forslaget overførast til fylka i den stand dei er i ved overtakingstidspunktet i 2010. Fylkestinget støttar denne reforma, men krev eit langt større økonomisk bidrag frå staten enn NTP-forslaget. Dette er for å forsvare eit høgst naudsynt vegvedlikehald, og i tillegg for å vidareutvikle vegnettet ved nyinvesteringar.
3. Det må vere ein absolutt føresetnad for overføring av ansvaret for øvrige riksvegar at kostnadene blir kompenserte fullt ut og at vegnettet blir overlevert i forsvarleg stand.
4. Skal regionane bli ei aktiv prioriteringsmyndigheit innanfor vegsektoren, er det nødvendig at dei har ansvaret for dei strategiske prosessane rundt det regionale vegnettet.
5. Det er positivt at folkehelse blir presisert som ei ordinær oppgåve for regionane. Vidare at regionane også får ansvaret for tannhelsetenesta i framtida.
6. Fylkestinget i Møre og Romsdal meiner at regionale forskingsfond vil bli eit verdifullt nytt verkemiddel for regionane. Forskingsfonda vil gje regionane betre tilgang på forskning som ein viktig føresetnad for utviklinga i regionane. Fylkestinget har behandla dette i eiga sak.
7. Fylkestinget i Møre og Romsdal legg til grunn at alle oppgåver der det er behov for regionalpolitisk skjønn, og som er viktige for den regionale utviklinga, skal bli lagt til fylkeskommunane.
8. Fylkestinget vil peike på at dei overordna måla med forvaltningsreforma er eit forsterka folkestyre lokalt og regionalt og at ein gjennom regional samordning skal auke verdiskapinga og sysselsetjinga ved å nytte dei lokale fortrinna. Dette er gevinstar som burde fått ein større plass i høyringsnotatet, og særleg i dei vurderingane som dei einskilde fagdepartement har gjort i sine framstillingar.

9. Ved at det einskilde fagdepartement har hatt ansvaret for framlegga i høyringsnotatet, er det ikkje gjort ei heilskapleg vurdering av ny oppgåveportefølje for fylkeskommunane. Det er heller ikkje vurdert om summen av framlegga samsvarer med Stortinget sine føresetnader for reforma. Det er ein svakheit ved høyringsnotatet.
 10. På fleire område følgjer ikkje høyringsnotatet opp dei føringane som er gitt i St.meld. nr 12 (2006-2007) og av Stortinget i deira behandling av meldinga. Fleire av forslaga i St.meld. nr. 12 (2006-2007) er ikkje vurderte, og fleire er utsette til ei seinare behandling. Særleg er dette tydeleg på kulturområdet der fleire spørsmål blir skuva ut i tid.
 11. Fråsegna frå Møre og Romsdal fylkeskommune om nye oppgåver blir elles slik det går fram av fylkesdirektøren sine merknader til dei konkrete forslaga i høyringsnotatet slik dette er framstilt i saksframlegget.
 12. Fylkestinget i Møre og Romsdal har gitt fleire høyringsfråsegner tidlegare om regionstruktur. Det er ikkje noko i St.meld. nr. 12 (2006-2007), vedtaka i Stortinget 10. mai eller i høyringsnotatet som gjer at Møre og Romsdal fylkesting har endra sitt standpunkt: Fylkestinget i Møre og Romsdal avviser store landsdelsregionar til erstatning for dagens fylkeskommunar.
 13. Fylkestinget i Møre og Romsdal føretrekkjer modellen med forsterka fylkeskommune framfor regionmodellen slik modellane er omtala i St.meld. nr. 12 (2006-2007).
 14. Saka om forvaltningsreforma viser tydeleg kva som er einskapsfylket sin styrke. Uavhengig av kva løysing Stortinget kjem fram til, kan fagmiljøa halde fram samla i einskapsfylket. Einskapsfylket vil og handtere lett eit eventuelt skifte i oppdragsgivar på dei oppgåveområda som ligg til den felles organisasjonen. Med einskapsfylke har innbyggjarar, kommunar, næringsliv og organisasjonar i Møre og Romsdal fått ein meir robust og effektiv organisasjon.
 15. Møre og Romsdal fylkesting vil leggje einskapsfylkemodellen til grunn for framtidig organisering av regionnivået. Det er godt dokumentert at forsøket med einskapsfylke har hatt positiv effekt for samhandling, ressursutnytting, innovasjon og regional utvikling i Møre og Romsdal. Dette tek og kommunane frå fylket opp i sine høyringssvar. Fylkestinget i Møre og Romsdal synest det er gledeleg at Stortinget den 10. mai opna for ei vidareføring og vidareutvikling av einskapsfylkemodellen der det er regionalpolitisk vilje til det.
 16. Regional stat bør i størst mogleg grad følgje grensene til dei nye regionane.
- ./. Kopi av saksutgreiinga og utskrift av møteboka følgjer vedlagt.

Med helsing

Olav Bratland
fylkesordførar

Toril Eliassen Rusten
konsulent

Kopi:
Stortingsrepresentantane frå Møre og Romsdal



Møre og Romsdal fylke



saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
14.03.2008	MR 7209/2008	Ingunn Bekken Sjøholm

Saksnr
U-36/08
T-15/08

Utval
Fylkesutvalet
Fylkestinget

Møtedato
01.04.2008
16.04.2008

Høyrings svar frå Møre og Romsdal fylkeskommune om forvaltningsreforma

1. Bakgrunn

Møre og Romsdal fylkeskommune er i brev frå Kommunal- og regionaldepartementet (KRD) datert 26.02.08 invitert til å komme med uttale om dei nye regionane sine oppgåver. Eit omfattande høyringsnotat følgde med brevet. Heile dokumentet er lagt ved denne saka. I brevet av 26.02.08 vart fylkeskommunane samstundes oppmoda om å komme med ei fråsegn på Forskringsrådet si utgreiing om regionale forskingsfond. Dette blir lagt fram som ei eiga sak for fylkestinget.

I brev frå KRD av 15. november 2007 er Møre og Romsdal fylkeskommune invitert til å komme med endeleg uttale om inndelingsspørsmålet, med same høyringsfrist som uttalen om oppgåver, dvs. 30. april 2008.

KRD skriv i høyringsbrevet at høyringsnotatet inneheld ei konkretisering av dei oppgåvene som var varsla i St.meld. nr. 12 (2006-2007) *Regionale fortrinn – regional framtid* og Stortinget si behandling av denne, jf. Innst. S. nr. 166 (2006-2007). KRD koordinerar prosessen med gjennomføring av forvaltningsreforma. KRD gjer merksam på at ansvaret for dei utgreiingane som er gjort tilligger det einskilde fagdepartement.

På grunnlag av høyringsnotat og dei fråsegna som kjem om dette, vil KRD koordinere det vidare arbeidet i dei departementa reforma rører ved, og dei tek sikte på å leggje fram ein samla proposisjon til Stortinget hausten 2008. Proposisjonen vil innehalde både konkrete lovforslag om oppgåver og eventuelle forslag til endringar i fylkesinndelinga. Det vil dessutan bli gjort greie for status i aktuelt utredningsarbeid i regi av det einskilde departement, samt departementa si oppfølging av Stortinget sitt oppmodingsvedtak av 10. mai 2007 om innspel frå kommunar og fylkeskommunar til ytterlegare oppgåver til det regionale folkevalte nivået.

Fylkestinget i Møre og Romsdal har gitt høyringsuttale om oppgåvefordeling og regionstruktur i fleire andre saker, m.a.:

- T-sak 46/05 Uttale på utgreiinga "Vestlandsregion eller vidare samarbeid"

- T-sak 09/06 Høyringsuttale på KS sin rapport "Sterke regioner. Premisser, oppgaver og inndeling ved en forvaltningsreform"
- T-sak 47/05 om 2. høyring til distriktskommisjonen

Forvaltningsreforma var oppe til behandling i fylkestinget i juni 2007 (T-sak 39/07). Her gjorde fylkestinget følgjande vedtak:

1. *Møre og Romsdal fylkesting vil leggje einskapsfylkemodellen til grunn for framtidig organisering av regionnivået. Det er godt dokumentert at forsøket med einskapsfylke har hatt positiv effekt for samhandling, ressursutnytting, innovasjon og regional utvikling i Møre og Romsdal. Dette tek og kommunane frå fylket opp i sine høyringssvar. Fylkestinget i Møre og Romsdal synest det er gledeleg at Stortinget den 10. mai opna for ei vidareføring og vidareutvikling av einskapsfylkemodellen der det er regionalpolitisk vilje til det. Møre og Romsdal fylkesting vil i juni sende ein søknad om forlenging av forsøket til 2010, men ønskjer og å halde fram med einskapsfylke når den nye regionreforma trer i kraft frå 1.1.2010.*
2. *Fylkestinget i Møre og Romsdal har gitt fleire høyringsfråsegn tidlegare om oppgåvefordeling og regionstruktur. Det er ikkje noko i St.meld. nr. 12 (2006-2007) eller vedtaka i Stortinget 10. mai som gjer at Møre og Romsdal fylkesting har endra sitt standpunkt: Fylkestinget i Møre og Romsdal avviser store landsdelsregionar til erstatning for dagens fylkeskommunar.*
3. *Fylkestinget i Møre og Romsdal føretrekk modellen med forsterka fylkeskommune framfor regionmodellen slik modellane er omtala i St.meld. nr. 12 (2006-2007). Grunngevingane for dette er omfattande. Fylkestinget i Møre og Romsdal viser m.a. til at:*
 - a. *Fylkestinget i Møre og Romsdal ser fram til å få nye oppgåver og ansvar slik det er vedtatt av Stortinget 10. mai 2007, og meiner dette vil styrke folkestyret på mellomnivået. Ein styrka fylkeskommune legg betre til rette for lokal og regional deltaking og innverknad enn ein landsdelsregion. For innbyggjarar, kommunar, næringsliv og organisasjonar i Møre og Romsdal blir høvet til deltaking og påverking dårlegare i ein landsdelsregion. Det strider i mot målet om at dei som blir rørt av politiske vedtak og skal ha høve til innverknad på politikken. Reiseavstandane innan Møre og Romsdal er allereie store nok, og dersom avstandane blir enno større, vil fleire velje å ikkje delta. Dette gjeld ikkje berre det representative demokratiet, men og demokratiet i utvida forstand, sidan lokallaga til mange landsomfattande organisasjonar er inndelt etter fylkesgrensene.*
 - b. *For Møre og Romsdal sin del blir omsynet til effektiv tenesteproduksjon best teke i vare i ein forsterka fylkesmodell. Møre og Romsdal har ein tilnærma optimal storleik for løysing av dei oppgåvene som einskapsfylket har i dag, og for dei nye oppgåvene som er foreslått i St.meld. nr. 12 (2006-2007) Regionale fortrinn – regional framtid. Møre og Romsdal er stort nok i folketal til at dei tenestene fylket har ansvar for har ei bredde og ein kvalitet som tilfredsstillar brukarane sine krav og rettar. Samstundes har fylke ein storleik som gjer at administrasjonen har oversikt over og tilpassar tilbodet etter lokale behov. Større regionar gir lengre og mindre effektive styringslinjer, med mindre folkestyre.*

- c. *For ivaretaking av rolla som samfunnsbyggjar og regional utviklingsaktør er det viktig at avstanden til kommunane og dei andre samarbeidspartnarane i dei regionale partnerskapa ikkje er for lang - både i geografisk og mental forstand. Landsdelsregionar konstruert utan grunnlag i ein felles identitet vil kunne bli lamma av interne lokaliserings- og prioriteringsspørsmål. Ein landsdelsregion vil ikkje vere eigna til å drive ein aktiv og samordnande utviklingspolitikk.*
- d. *Ei viktig oppgåve for regionale politikarar er å sørgje for eit heilskapsperspektiv på utviklinga på regionalt nivå. Eit slikt heilskapsperspektiv blir vanskelegare i ein landsdelsregion, både fordi fleire interesser må sjåast i samanheng, men og fordi det vil bli eit svært stort område å ha oversikt over for politikarane på regiontinget - som ein må føresette har ein jobb ved sida av sitt politiske verv.*
- e. *Møre og Romsdal utgjer ein naturleg region utifrå geografi/topografi, næringsstruktur, samferdsel/kommunikasjon og identitet. Med unntak av Aure sitt samarbeid med Hemne/Snillfjord, er det ikkje nokon arbeidsbustad- og serviceregion som kryssar fylkesgrensene til Møre og Romsdal. Ei kjensle av felles identitet ligg bak den breie semja i fylket vårt om at Møre og Romsdal bør vere eigen region. Alle politiske parti, LO, NHO og KS i Møre og Romsdal, samt 70 prosent av innbyggjarane, støttar dette standpunktet.*
- f. *Vekst i befolkning og næringsliv er Møre og Romsdal si største utfordring i framtida. Møre og Romsdal fylkesting fryktar at ein landsdelsregion vil tappe Møre og Romsdal for offentlege kompetansearbeidsplassar, i ein situasjon der fylket allereie ligg i botn på statistikken. Ein variert arbeidsmarknad er ein viktig faktor for tilflytting og rekruttering til eit kompetanseprega og ekspansivt næringsliv i Møre og Romsdal.*
- g. *Effektiv ivaretaking av nasjonale mål blir gjort best i einingar som er store nok til å ha kompetanse på operasjonalisering og oppfølging av måla, men ikkje større enn at ein kan ha oversikt over og samarbeid med dei som skal sette i verk tiltaka. Kommunane er viktige aktørar for iversetting av nasjonal politikk. Landsdelsregionar vil, slik Møre og Romsdal fylkesting ser det, ikkje vere teneleg for ei tett oppfølging av kommunane.*
- h. *Uavhengig av regioninndeling vil Møre og Romsdal fylke samarbeide med alle nabofylka slik vi til dømes gjer det med Vestlandsfylka, Trøndelagsfylka og Oppland fylke i dag.*
- 4. *Med dei sterke argumenta som finnst for at Møre og Romsdal skal utgjere ein eigen region, vil det vere uforståeleg og i strid med måla for regionreforma slik dei vart bestemt av Stortinget 10. mai, å dele fylket vårt eller slå det saman med eitt eller fleire andre fylke. Fylkestinget i Møre og Romsdal vil på bakgrunn av dette ikkje gi noko forslag på inndeling av ein landsdelsregion for vårt område. Fylkestinget i Møre og Romsdal meiner at spørsmål om endring av fylkesgrenser/samanslåing av fylke må byggje på same prinsipp som Stortinget har slått fast for kommunesamanslåing, nemleg at dette skal byggje på frivillige og demokratiske vedtak.*

Når det gjeld oppgåver, gjorde fylkestinget følgjande vedtak om dette i 2006 (T-sak 9/06 (punkt 4)):

Skal dei nye regionane kunne fylle rolla som regional utviklingsaktør, sikre heilskap i samfunnsutviklinga og vitalisere det regionale demokratiet, må fleire oppgåver, verkemiddel og finansiering overførast frå staten til dei nye regionane. Møre og Romsdal fylke fremjar difor forslag om overføring av fleire oppgåver innafor følgjande fagfelt til regionalpolitisk leiing: Næringsutvikling og innovasjon, landbruk og bygdeutvikling, samferdsel, eigarskap til høgskolane, aetat sine kompetanseutviklande tiltak og anna vaksenopplæring, kultur, arealutnytting, energiutnytting, energiforsyning, ressursutnytting, miljømål for vassførekomstar, strandsoneforvaltning og folkehelse. Når det gjeld samferdsel, bør staten framleis ha ansvar for stamruteflyplassane og nettet, samt kortbaneflyplassane. Einskapsfylket bør likevel ha sitt hovudfokus på marknadsarbeid knytt til det totale flyrutetilbodet i fylket. Regionane som ein regional utviklar må få ansvaret for AETAT, slik at rollen som næringsutviklar og utdanningsansvarleg, kan tilby eit heilskapleg tilbod til sine innbyggjarar.

Fylkesdirektøren har teke utgangspunkt i desse tidlegare vedtaka i fylkestinget i si behandling av høyringsnotatet og endeleg innspel til regional inndeling. I tillegg har KS sendt fylkeskommunane eit notat med kommentarar til denne andre høyringsrunden om forvaltningsreforma. KS har komme med mange relevante merknader, og notatet er difor lagt ved denne saka.

2. Vurdering av oppgåver

2.1. Generelle merknader

Til tross for at dei oppgåvene som no blir foreslått er langt mindre enn det som mange hadde forventa, vil fylkesdirektøren vise til at framlegga til oppgaveoverføring innanfor viktige politikkområde representerer ei utviding og styrking av fylkeskommunane¹ sine oppgåver og ansvar. Med desse nye oppgåvene vil fylkeskommunane stå sterkare som regional utviklingsaktør. Særleg er dei nye oppgåvene på samferdselsområde monaleg. Dette er faktisk litt meir enn kosmetikk!

Det er positivt at øvrige riksvegar blir overførte til det regionale nivået. Også ferjesamband på regionvegar blir regionane sitt ansvar. Det må vere ein absolutt føresetnad at kostnadane blir kompenserte fullt ut og at vegnettet blir overlevert i forsvarleg stand. Skal regionane bli ei aktiv prioriteringsmyndigheit innanfor vegsektoren, er det nødvendig at dei har ansvaret for dei strategiske prosessane rundt det regionale vegnettet.

Det er positivt at folkehelse blir presisert som ei ordinær oppgåve for regionane. Vidare at regionane også får ansvaret for tannhelsetenesta i framtida.

Fylkesdirektøren meiner at regionale forskingsfond vil bli eit verdifullt nytt verkemiddel for regionane. Forskingsfonda vil gje regionane betre tilgang på forskning som ein viktig føresetnad for utviklinga i regionane. Sjå eiga sak om dette.

Dei overordna måla med forvaltningsreforma er eit forsterka folkestyre lokalt og regionalt og at ein gjennom regional samordning skal auke verdiskapinga og sysselsettinga ved å nytte dei lokale fortrinna. Dette er gevinstar som burde fått ein

¹ Fylkesdirektøren vil i saksframlegget nytte omgrepet "fylkeskommune" og ikkje "region". I høyringsnotatet seier KRD at dersom fylkesstrukturen blir nokolunde uendra frå 2010, vil det ikkje vere teneleg å endre terminologien.

større plass i høyringsnotatet, og særleg i dei vurderingane som dei einskilde fagdepartement har gjort i sine framstillingar.

Ved at det einskilde fagdepartement har hatt ansvaret for framlegga i høyringsnotatet, er det ikkje gjort ei heilskapeleg vurdering av ny oppgåveportefølje for fylkeskommunane. Det er heller ikkje vurdert om summen av framlegga samsvarar med Stortinget sine føresetnader for reforma. Denne heilskapsvurderinga vil først bli gjort av regjeringa ved framlegginga av proposisjonen til Stortinget hausten 2008.

På fleire område følgjer ikkje høyringsnotatet opp dei føringane som er gitt i St.meld. nr 12 (2006-2007) og av Stortinget i deira behandling av meldinga. Fleire av forslaga i St.meld. nr. 12 (2006-2007) ikkje er vurderte, og fleire er utsette til ei seinare behandling. Særleg er dette tydeleg på kulturområdet der fleire spørsmål blir skuva ut i tid.

Høyringsnotatet er inkonsekvent i høve på kva område regionane skal stå for gjennomføringa av nasjonal politikk. Innan utdanning blir dei tillagt ei slik oppgåve, mens innan miljø- og landbruksområdet blir det argumentert mot å legge slike oppgåver til regionane.

Fleire departement argumenterer for at ei endring av oppgåvedelinga gjev auka kostnader, at det går ut over statlege kompetansmiljø og representerer ei "byråkratisering". Det er grunn til å minne om at dei overordna måla med forvaltningsreforma er eit forsterka folkestyre lokalt og regionalt og at ein gjennom regional samordning skal auke verdiskapinga og sysselsettinga ved å nytte dei lokale fortrinna. Høyringsnotatet synest å leggje meir til grunn embetsverket sine premiss enn gitte politiske føringar.

2.2. Utgangspunktet for forvaltningsreforma

Utgangspunktet for forvaltningsreforma er uttrykt slik i St.meld. nr. 12 (2006-2007):

"Regjeringen legger opp til at utviklingsoppgaver skal utgjøre en vesentlig del av regionenes oppgaver, i tillegg til tjenesteoppgavene som overføres fra dagens fylkeskommuner. En fruktbar utvikling må skje nedenfra, med utgangspunkt i ulike regionale og lokale forutsetninger. Lokale og regionale myndigheter har best kunnskap om lokale forhold, og kan i kraft av den prioritere og avveie den offentlige innsatsen på en effektiv og målrettet måte. Regionene må gis de nødvendige virkemidlene for å ha reell beslutningsmyndighet og spille en sentral rolle i utviklingen av regionen. Som en dominerende utviklingsaktør vil regionene kunne utløse og styrke ønskede endringsprosesser basert på stedbundne kvaliteter og regionale og lokale muligheter og preferanser. Desentralisering av viktige oppgaver innen samferdsel, miljøvern, landbruk, marin sektor, kultur, utdanning og forskning, styrking av den regionale planlegginga og den regionale innflytelsen over Innovasjon Norge og SIVA, og tydelig oppgave- og ansvarsfordeling blir derfor viktige virkemidler for å sikre ønsket samfunnsutvikling.

Overføring av en rekke oppgaver til regionene vil åpne muligheten for lokale og regionale samordningsløsninger, fordi sektorer som er nært koblet til hverandre samles i ett organ. Den sterke sektororienteringen i forvaltningen begrenser i dag mulighetene til helhetsvurderinger og tilpasning av løsninger

til regionale og lokale forhold og endrede forutsetninger. En styrking av samordningen regionalt vil motvirke sektoriseringen og bidra til økt verdiskaping til beste for innbyggere, næringsliv og samfunnet for øvrig. Dette krever at den nasjonale styringen påområder som legges til de nye regionene ikke legger unødige hindringer i veien for mulighetene for bedre samordning regionalt."

Jf KS er Regjeringa og Stortinget sitt utgangspunkt at alle politiske oppgåver på regionalt nivå og som er viktige for den regionale utviklinga, skal samlast i dei folkevalde regionane.

Både i St.meld. nr. 12 (2006-2007) og i Stortinget si behandling av denne, kan ein tolke følgjande:

- a) Dei fleste oppgåvene på aktuelle område som i dag ligg til Fylkesmannen og om ikkje er knytte til tilsyn, motsegn, klage og kontroll (samt rettleiing i høve desse), skal overførast til regionane. Under dette ligg og ansvaret for gjennomføring og regional tilpassing av nasjonal politikk på områda.
- b) På andre område er det viktig å få overført oppgåver frå staten til regionane som er særleg viktige for den regionale utviklinga.

Fylkesdirektøren legg til grunn at alle politiske oppgåver på regionalt nivå, dvs. oppgåver der det er behov for regionalpolitisk skjønn, og som er viktige for den regionale utviklinga, skal bli lagt til fylkeskommunane.

2.3. Fylkeskommunen som regional utviklingsaktør

I KS sitt notat til fylkeskommunane trekk dei fram dei viktigaste politikkområda for regional utvikling, og korleis dette er dekt inn i høyringsnotatet. Nedanfor følgjer ei oppsummering.

Næringsutvikling – innovasjon og kompetanse/FOU

Det er spesielt viktig at næringsutviklingsarbeidet i regionen dekkar alle næringar, særleg landbruket og andre næringar som er tungt forankra i lokale og regionale ressursar.

Ideelt sett bør regionane ha kontroll over både dei tilretteleggjande og bedriftsretta verkemidla; også i høve landbruket. Dette for å kunne utrette ein heilskapeleg regional næringspolitikk.

Regionale forskingsfond vil kunne styrke regionane på eit kjerneområde innanfor det regionale utviklingsarbeidet.

Samferdsle – kollektivtransport og nasjonal/regional transportplanlegging

Dette er eit anna kjerneområde i det regionale utviklingsarbeidet. Overføring av vesentlege oppgåver innan vegsektoren, ved at kollektivtransporten vert styrka og eit vesentleg auka ansvar for nasjonal/regional transportplanlegging vil gje regionane kontroll over verkemiddel som har mykje å seia for mellom anna busetnad og næringsutvikling.

Føresetnaden er likevel at det vert kompensert fullt ut for standard og at tilstrekkeleg tal fagpersonale vert overført.

Kultur – idrett - friluftsliv - folkehelse

Desse områda er spanande nye kjerneområde som er under utvikling i regionane. Det bør vere eit heilskapeleg og koordinerande regionalt ansvar for dette politikkområdet; eit område som har mykje å seia for det enkelte mennesket sin livskvalitet.

Regional planlegging

Forsterka regional planlegging med opning for å utarbeide juridisk bindande regionale planbestemmingar kan bli ein viktig reiskap i høve samordna regional areal- og transportplanlegging, klimautfordringar, kystsoneplanlegging med meir.

Fylkeskommunane er gjennom gjeldande plan og bygningslov, og framlegg til ny planlov, tillagt rolla som regional planstyresmakt. Gjennom ansvarsreforma og no forvaltningsreforma vart det ytterligare teke høgde for å styrke det folkevalde nivå si rolle som regional styresmakt. Fylkeskommunane kan gjennom bindande fylkesdelplanar leggje føringar innafor ei rekkje samfunnsområde - tilpassa dei regionale utfordringane, og som er statleg godkjend i høve overordna nasjonale mål. Det er viktig at staten gjennomfører ein reell prosess for å skilje ut kva som er tydeleg nasjonale interesser, og gjennom det ryddar større plass til ein politikk som er betre tilpassa dei regionale utfordringane. Men fylkeskommunane får ikkje reell kraft og legitimitet i dette arbeidet før dei tilhøyrande økonomiske, faglege og juridiske verkemiddela vert overført frå statleg nivå som i dag er svært uoversiktleg og fragmentert.

Miljø – klima – energi

Politikkområdet vil krevje mykje politisk innsats nasjonalt, regionalt og lokalt. Viktige nasjonale klimautfordringar vil mest effektivt kunna møtast med samordna politisk innsats på det regionale nivået. Jf. elles det som er sagt ovanfor om regional planlegging.

2.4. Merknader til forslaga i høyringsnotatet etter fagområde

Forslaga i høyringsnotatet er presentert tematisk i kap 3-10, og er oppsummerte i kapittel 1.2.1. Oppsummeringa er gjort departementsvis.

I oversendingsbrevet ber KRD kommunane og fylkeskommunane om å redigere høyringsuttalane slik at det tydeleg går fram kva departementsområde uttalen referer seg til.

I det følgjande vil forslaga difor bli lagt fram departementsvis i rekkefølgje frå kapittel 3 til 10. Først blir det vist til forslaget i høyringsnotatet frå dei einskilte fagområda (henta frå kapittel 1.2.1, eventuelt med nokre suppleringar), deretter følgjer merknadene til fylkesdirektøren.

2.4.1 Oppgaver på Kunnskapsdepartementet sitt område (kapittel 3, side 4 og 31)

“Enkelte oppgaver innen informasjon, veiledning og kvalitetsutvikling som fylkesmennene utfører på grunnopplæringsområdet skal overføres til regionene. Hvilke konkrete oppgaver regionene kommer til å ivareta vil bl.a. avhenge av hvilke statlige satsingsområder som defineres framover. Dagens oppgaver er knyttet til nasjonalt kvalitetsvurderingssystem, kvalitetsutvikling, kompetanseutvikling samt informasjon og veiledning til kommuner, eiere av friskoler og allmennheten om innhold, prinsipper og mål

i den nasjonale utdanningspolitikken. Regionenes funksjon foreslås nedfelt i en generell bestemmelse i opplæringsloven. Regionenes oppgaver vil bli definert nærmere gjennom forskrift eller på annen måte.

Regionene skal overta ansvar for drift og finansiering av fagskoleutdanning. Dette innebærer at de tekniske fagskoleutdanningene og fagskoleutdanningene i helse- og omsorgsfag som fylkeskommunene i dag driver, overføres til regionene. Regionene får et generelt ansvar for å sørge for at det finnes et tilbud av godkjent fagskoleutdanning i regionen som tar hensyn til lokalt, regionalt og nasjonalt kompetansebehov innenfor prioriterte samfunnsområder. Regionene står fritt til å avgjøre hvorvidt fagskoletilbudet i regionen skal realiseres i egen regi eller gjennom finansiering av private tilbydere. .. En generell retningslinje for oppgavefordeling mellom forvaltningsnivåene, er at det forvaltningsnivå som har ansvar for en oppgave også skal ha det fulle finansielle ansvaret. I Innst. S. nr. 166 (2006-2007) uttaler flertallet at de nye regionene i hovedsak skal finansieres gjennom rammeoverføringer og skatt. Departementet legger på denne bakgrunn opp til å innlemme midlene som bevilges over kap. 276 Fagskoleutdanning post 70 Tilskudd til fagskoleutdanning i rammetilskuddet til de nye regionene. Departementet har behov for å vurdere nærmere finansieringen av fagskoleutdanningene i helse- og omsorgsfag.

I samsvar med kommunal- og forvaltningskomiteens merknad i Innst. S. nr. 166 (2006-2007) foreslås det at universitets- og høyskoleloven endres slik at regionene overtar ansvaret for å oppnevne to av de eksterne styremedlemmene ved de statlige høyskolene. Dette bør etter departementets vurdering ikke gjelde for Samisk høyskole og kunsthøyskolene, som allerede har lovfestet særlige ordninger for oppnevning av styrerepresentanter. Styrene bør fortsatt ha anledning til å fastsette en annen styresammensetning enn lovens normalordning.

Etablering av regionale forskningsfond skal supplere de nasjonale FOU-virkemidlene. Det er lagt til grunn at de regionale fondene skal opprettes med virkning fra 1.januar 2010. Det er avkastningene av fondene som skal benyttes. Samlet størrelse på fondene og regional fordeling av fondsmidler behandles som sak i den ordinære statsbudsjettprosessen. Norges Forskningsråd har på oppdrag fra Kunnskapsdepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet utredet innretningen på de regionale forskningsfondene. Rapportens sammendrag følger som vedlegg til dette høringsnotatet."

I Innst. S. nr. 166 (2006-2007) sidene 11 og 12, jf. St. meld. nr. 12 (2006-2007) framgår: "Det er nedsatt et utvalg som skal vurdere studieforbundenes rolle. Det tas stilling til hvilket forvaltningsnivå som skal ha ansvar for tilskuddsforvaltningen for voksenopplæring etter at utvalget har presentert sin tilråkning høsten 2007." (side 41).

"Utvalget ble oppnevnt av Kunnskapsdepartementet 27. oktober 2006 og hadde som mandat blant annet å vurdere studieforbundenes oppgaver og rolle for den enkelte, for arbeidslivet og for samfunnet. ... Utvalgets anbefalinger og forslag framgår bl.a. i kap. 7 i NOU 2007: 11. .. Utvalget foreslår at ansvaret for all grunnopplæring for voksne samles i fylkeskommunen. ... Utvalgets anbefalinger er enstemmige. NOU 2007: 11 ble sendt på bred høring i september 2007 fra KD og med høringsfrist 14.

januar 2008. Kunnskapsdepartementet vil på grunnlag av NOU 2007: 11 og høringsuttalelsene til denne ta stilling til videre oppfølging av utvalgets tilrådsninger.” (side 41).

Fylkesdirektøren sine merknader

Fylkesdirektøren er positiv til at enkelte oppgaver innan informasjon, rettleiing, kvalitetsutvikling og kompetanseutvikling blir overførte frå fylkesmennene til regionane. Fylkeskommunen blir oppfatta som ein likeverdig partnar av kommunane, og fylkesdirektøren har tru på eit godt samarbeid om utviklingsoppgåvene innan skolesektoren. Fylkeskommunane har og erfaring frå drift av skolar, noko som vil vere ein styrke for samarbeidet med kommunane. I Møre og Romsdal fylke, som driv forsøk med einskapsfylke, er dette ei oppgåve som ligg til den felles administrasjonen, og dei positive effektane er allereie teke ut hos oss. Fylkesdirektøren er i tvil om overføringa av desse oppgåvene vil gi fylkespolitikarane auka innverknad innan utdanningssektoren, då det går fram av høyringsnotatet at desse og i framtida vil vere sterkt sentralstyrte.

Fylkesdirektøren er og positiv til at regionane får overført ansvaret for fagskuleutdanninga, men med visse atterhald. I Møre og Romsdal har vi relativt sett mange fagskolar, og ei slik innlemming kan berre gjennomførast om fagskolane – og tilbodet til elevane der, sikrast tilstrekkeleg finansiering.

Fylkesdirektøren meiner det er positivt at regionane no får ansvaret for å oppnemne styremedlemar til statlege høgskular. Fylkesdirektøren vil likevel framleggje at det som vil vere viktigast for regional utvikling, er at dei eksterne medlemene i styret, dei som representerer det regionale partnarskapet, får fleirtal i høgskolen sitt styre.

Fylkesdirektøren etterlyser oppfølginga av Stortinget sin merknad i Innst. S. nr. 166 (2006-2007) om forpliktande konsultasjonsordningar:

“Flertallet ber om at det etableres forpliktende konsultasjonsordninger mellom destatlige høgskolene og regionene. Dette for at høgskolene skal ta del i det regionale utviklingsarbeidet og bidra til gjennomføring av regionalpolitiske mål nedfelt i de til enhver tid gjeldende regionale styringsdokumenter vedtatt av regiontinget.”

Dette er ikkje omtalt i høyringsnotatet og vi føreset at Regjeringa følgjer opp saka i samsvar med Stortinget si markering.

Regjeringa har enno ikkje følgd opp NOU 2007:11 (Tron-utvalet). Fylkesdirektøren legg til grunn at regionane overtek ansvaret for all grunnopplæring for vaksne. Dette må no følgjast opp i samband med forvaltningsreforma med overføring av ansvaret frå 2010.

Fylkesdirektøren si vurdering av Norsk Forskningsråd si utgreiing om regionale forskingsfond er lagt fram i eiga sak.

2.4.2. Oppgaver på Samferdselsdepartementet sitt område (kap 4, side 7 og 43)

“Flere spørsmål tilknyttet samferdsel er vurdert. Når det gjelder framtidig ansvar for kjøp av persontransport med tog, vil det ikke bli gjort generelle endringer i dagens organisering av kjøperrollen. Samferdselsdepartementet

vil likevel bruke sine virkemidler på jernbaneområdet slik at det blir lagt til rette for gode, integrerte kollektivløsninger lokalt/regionalt. Regionene skal trekkes aktivt inn i dette arbeidet. Som en oppfølging av St.meld. nr. 31 (2006-2007) Åpen, trygg og skapende hovedstadsregion - Hovedstadsmeldingen, skal det vurderes nærmere hvordan regionale myndigheter kan få en sentral rolle i kjøp av persontransport med tog i Oslo-regionen.

Det er utarbeidet forslag til prinsipper for klassifisering av stamveier og (fremtidige) regionale veier. Disse presenteres i kapittel 4 i dette høringsnotatet. Statens bevilgninger til de nye regionvegene skal inngå i rammetilskuddet. Endelig klassifisering og fordeling av midler vil bli nærmere utredet og avgjort etter at tallet på regioner er avklart. Omfanget av statlige føringer og konkrete forslag om lovendringer vil også bli utredet etter at antallet regioner er bestemt. Saken vil bli presentert for Stortinget så snart som mulig etter dette.

Ut fra de foreslåtte kriteriene vil regionene i en forsterket fylkesmodell ha ansvaret for ca. 80 pst av det offentlige vegnettet (utenom kommunalt vegnett). Ved store regioner vil kriteriene medføre at litt flere av øvrige riksveger blir overført til regionene. Når det gjelder behov for statlige føringer vil disse særlig være knyttet til enhetlig standard for drift, vedlikehold og investeringer, trafiksikkerhet, beredskap og Forsvarets behov.

Ved forsterket fylkesmodell skal Statens vegvesen beholdes samlet, men enkelte oppgaver innen planlegging etter plan- og bygningsloven og konkret planlegging og drift av kollektivtransport overføres til fylkeskommunene. I en regionmodell vil hoveddelen av Statens vegvesen sine oppgaver kunne overføres til regionene, utenom fagområdene tunnel, bru/ferjekai, vegtrafikksentralene, transportanalyser, forskning og utvikling, internasjonalt arbeid og byggherreansvaret for stamveger, samt sentralfunksjoner innen fagområdene planlegging, trafikkdata, trafiksikkerhet, byggherre, geodata og miljø. Uansett modell for regional inndeling legger regjeringen til grunn at trafikant og kjøretøyområdet (omtalt som trafikkstasjoner i stortingsmeldingen) fortsatt skal være statlig. Regionene skal få sterkere innvirkning på lokalisering av trafikkstasjonene."

Under kap 4.2.2 blir det sagt følgjande om dei budsjettmessige konsekvensane (side 49-50):

" Staten bevilger i dag øremerkede midler over Samferdselsdepartementets budsjett til stamveger, øvrige riksveger og andre veg- og vegtrafikkformål. En overføring av ansvaret for øvrig riksvegnett innebærer at en betydelig del av statens midler vil bli trukket ut av Samferdselsdepartementets budsjett. Statens midler vil bli overført til regionene som rammetilskudd over Kommunal- og regionaldepartementets budsjett. Det legges opp til å trekke ut de midler som staten i dag benytter til øvrig riksvegnett og øvrige riksvegferjesamband til regionenes rammetilskudd. Områder på Samferdselsdepartementets budsjett som det er aktuelt å overføre midler fra vil være drift og vedlikehold, investeringer, rassikring og kjøp av riksvegferjetjenester.

Det er tatt som utgangspunkt at prioriteringer mellom stamveger og øvrige riksveger i Nasjonal transportplan for 2010-2019 og Stortingets behandling av denne skal ligge til grunn for den relative fordelingen av statlige investeringsmidler mellom de to vegkategoriene. Stortinget skal fortsatt behandle alle bompengesaker på det offentlige vegnettet, og bompenger vil derfor ikke bli inkludert i rammetilskuddet.

Saken er ikke utredet tilstrekkelig til at det kan gis en mer omfattende oversikt over prinsipper for framtidig fordeling av midler nå. Det er lagt opp til at endelig fordeling av bevilgninger til stamveger og regionveger skal fastsettes i kommuneproposisjonen for 2010."

Under kap 4.3.5 framkommer det m.a. følgjande om organiseringa av den praktiske tilrettelegginga for gjennomføringa av reforma på dette området (side 61-62) :

"Statens vegvesen vil måtte stå for mye av den praktiske tilretteleggingen for gjennomføring av forvaltningsreformen innenfor veg- og vegtrafikksektoren, knyttet til både fylkesvegene og riksvegene. For å lykkes i dette arbeidet er det viktig at det blir etablert interimorganisasjoner. Interimorganisasjonene skal representere regionene når beslutninger skal fattes, og de skal kunne være Statens vegvesens samhandlingspart i arbeidet som skal gjøres. Interimorganisasjonene må således ha nødvendig legitimitet til å fatte beslutninger som vil være bindende for de nye regionene.

Interimorganisasjonene bør muligens forankres i lov for å sikre nødvendig legitimitet. De må gjennomføre oppgaver som er nødvendige forut for selve oppgaveoverføringene for å sikre kontinuitet, ha formell autoritet slik at de kan handle på vegne av og forplikte de nye regionene, sørge for at overføringen av oppgaver skjer på en kontrollert og sikker måte samt være "sparringspartner" for staten for å sikre regionene innflytelse.

Typiske eksempler på oppgaver for en slik organisasjon vil være knyttet til organisering, bemanning, styring m.m. av regionene, handlings- og driftsprogrammer med tilhørende budsjett for 2010 og etterfølgende år, samt forberede overtakelse og videreføring av løpende oppfølging, forpliktelser og avtaler. Behovet for interimorganisasjoner vil være til stede uavhengig av om Statens vegvesen blir beholdt samlet eller splittet opp, men oppgavene vil bli vesentlig større dersom Statens vegvesen blir splittet.

Det er behov for at interimorganisasjonene etableres så raskt som mulig. Oppbygging og sammensetning slike interimorganisasjoner må vurderes nærmere. Arbeid med dette er nylig påbegynt."

Fylkesdirektøren sine merknader

Det er positivt at øvrige riksvegar blir overførte til det regionale nivået. I dette ligg også at ferjesamband blir klassifiserte som den vegen dei er ein del av. Det vil seie at ferjesamband på regionvegar blir regionvegsamband og ferjer på stamveg blir stamvegsamband. I Møre og Romsdal har vi 35 fergjestrekningar, av desse er i dag 4 fylkesvegar og 4 er stamvegar. Det inneber at Møre og Romsdal fylkeskommune vil få ansvar for over 25 nye fergjesamband frå 2010.

Fylkesdirektøren meiner det er viktig at fylkeskommunane saman med ansvaret for innkjøp av regionvegfergjesambanda og får takstmyndet – jf. Riksregulativet for fergjetakstar.

Det må vere ein absolutt føresetnad at kostnadane både for investering og drift blir kompenserte fullt ut, og at vegnettet blir overlevert i forsvarleg stand. Staten legg opp til at det øvrige riksvegnettet skal overtakast med den standarden dette vegnettet har på tidspunktet for overtaking. Ei slik ordning kan ikkje akseptierast; spesielt når vi veit at det er eit etterslep på vedlikehaldet på 10 milliardar (jf. statsetatane sine forslag til NTP). Dette utgjør fleire hundre millionar for Møre og Romsdal sin del. Manglande vegstandard på overføringstidspunktet må kompensierast.

Spørsmålet om økonomisk kompensasjon til regionane er ikkje tilstrekkeleg utgreidd i høyringsnotatet. Fylkesdirektøren føreset at kommunesektoren blir trekt aktivt inn i det vidare utgreiingsarbeidet knytt til finansieringa av dei øvrige riksvegane frå 2010. Dette vil også gjelde oppfølginga av NTP frå 2010. Fylkesdirektøren gjer merksam på at det er eit sterkt voksende kostnadsnivå på drift innan samferdselssektoren, ein må rekne med minst ei dobling av i driftsutgifter, kanskje ei tredobling, jamfør tidlegare.

I tillegg til ansvar for mange nye fergjesamband, får Møre og Romsdal fylkeskommune og ansvaret for fergjekaiene. Med den trafikkveksten vi ser i dag, vil dette krevje større fergjer, som igjen vil krevje tilpassing av fergjekaiene. Dette vil gje store økonomiske kostnader berre nokre år fram i tid. Kompetansen kan fylke kjøpe av eit landsdekkjande kompetansmiljø organisert i Statens vegvesen.

Med overføring av øvrige riksvegar til fylkeskommunane, inneber det at vi overtek det politiske ansvaret for det øvrige riksvegnettet i høve til utarbeiding av handlingsprogram, budsjett m.m. Fylkesdirektøren meiner at dette i hovudsak kan skje på same måte som fylkeskommunen i dag gjer for fylkesvegnettet. Her er fylkeskommunen vegeigar med m.a. budsjettansvar og planansvar. Statens vegvesen er utøvande vegstyresmakt på vegne av fylkeskommunen. Statens vegvesen vil få sine føringar, bestillingar og krav om rapportering frå fylkeskommunen – ikkje vegdirektorat/departement slik som i dag. Dette vil likevel medføre at fylkeskommunen må styrke sin bestillarkompetanse og bygge opp eit apparat for oppfølging av Statens vegvesen på det regionale vegnettet.

Fylkesdirektøren vil understreke at det ikkje berre er snakk om ny kompetanse, men om nye årsverk. Berre kjøp av nye fergjeruter, vil i Møre og Romsdal utgjere over 2 heile stillingar. I tillegg vil Møre og Romsdal fylke trenge nye folk knytt til strategisk vegplanlegging og økonomi. Dersom fylkeskommunane og skal ha eit større ansvar for Nasjonal transportplan, tilsvarande det Statens Vegvesen har i dag (dei har prosjektleiaren i regionen) har vi behov for ytterlegare 1 person. På denne måten kan vi sikre at vi blir ein profesjonell og truverdig bestillar i marknaden. Ein annan konsekvens av at vi overtar den mest konfliktfylte delen av vegarbeidet (dvs planlegging, prioritering og finansiering) er truleg også at vi bør styrke informasjonsarbeidet knytt til dette. Dette kan til saman utgjere 6-8 nye stillingar i Møre og Romsdal fylke.

Ved ei overføring av ansvaret for riksvegferjene til fylkeskommunane, vil Statens vegvesen sitte igjen med ansvaret for 4, kanskje 5 (etter mogleg omklassifisering) stamvegfergjesamband i Møre og Romsdal. Det er fornuftig at innkjøp av desse

fergjesambanda skjer saman med kjøp av regionfergjesambanda. Fylkesdirektøren kan sjå tre moglege løysingar på dette:

1. All innkjøpskompetansen blir samla i fylkeskommunen
2. Det blir etablert ei samarbeidsordning om innkjøp med det regionale vegkontoret – men dette krev endring i lov og forskrifter
3. Innkjøpa på stamvegane blir lagt til Vegdirektoratet sentralt. Dersom det skjer, vil det bli frigjort kompetanse og kapasitet innan ferjedrifta, som bør overførast til fylkeskommunane frå 1.1.2010.

Med dei forslaga som ligg i høyringsnotatet, blir fylkeskommunen ein transportetat på linje med Jernbaneverket, Vegdirektoratet, Kystverket og Avinor. Fylkesdirektøren vil poengtere at den nye rolla som fylkeskommunane no skal få i trafikksektoren, ikkje må føre til redusert innverknad for fylkeskommunane når det gjeld dei strategiske, heilskapelege samferdselsprioriteringane i fylket, inkludert det som gjeld stamvegane. Strategi for regional utvikling må liggje til fylkeskommunane, som har nærleik til utfordringane – jf. Møre og Romsdal fylke sin fergjestrategi. Ein må finne fram til løysingar som gjer at fylkestinget framleis vil sitte i førarsetet for dei samla infrastrukturløysingane i Møre og Romsdal.

Fylkesdirektøren meiner og at når den regionale utviklarrolla for fylkeskommunane no er meint å bli styrka, er det naturleg at søknad om bompengeprojekt langs regionvegane blir endeleg avgjort i fylkestinget – og ikkje i Stortinget.

I oversendinga av planframlegget til Nasjonal transportplan (NTP) 2010 – 2019 syner Samferdsledepartementet og Fiskeri- og kystdepartementet til at dei nye regionane vil eige det meste av dagens "øvrige" riksvegar i tillegg til fylkesvegnettet frå januar 2010. I 2009 skal handlingsprogrammet til Nasjonal transportplan 2010 – 2019 utarbeidast. Det vil vere dei "nye regionane" (=fylkeskommunane) som skal utarbeide handlingsprogram for det regionale vegnettet. Samferdselsutvalet signaliserte på sitt møte den 12. mars at denne oppgåva bør fylkeskommunane overta allereie no.

Vidare etterlyser fylkesdirektøren departementet si oppfølging av Stortinget sin merknad om at dei nye regionane bør ha ein viktig samordningsfunksjon i høve den totale kollektivtrafikken i sin region. Aktørane i kollektivtrafikken må dessutan forplikast til å delta i eit regionalt samordningsarbeid. Departementet skriv ikkje anna enn at regionane aktivt skal trekkast inn i Samferdsledepartementet sitt arbeid på jernbaneområdet utan å spesifisere dette nærmare.

2.4.3. Oppgåver på Nærings- og handelsdepartementet sitt område (kap. 5, side 6 og 65)

"Innovasjon Norge skal videreføres som et nasjonalt særlovsselskap med kontorer regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Regionene skal samlet eie inntil 49 % av selskapet. Dette vil bli tatt inn i loven om Innovasjon Norge. Regionene forutsettes å ha like stor eierandel hver, totalt 9,6 mill. kroner (statens innskudd skal fortsatt være 10 mill. kr.) En slik endret eierstruktur krever flere lovendringer av overordnet karakter, mens vedtektene skal inneholde de mer detaljerte bestemmelsene.

Vedtektene vil bl.a. regulere regiontingets rett til å oppnevne to representanter direkte til de regionale styrene, organisering av hovedstyrevalg og etablering av valgkomité m.v.

Det legges opp til at SIVA kan opprette regionale innovasjonsselskaper sammen med regionene og eventuelt andre interessenter med regionale mål. SIVA bør være minoritetseier i selskapene og i utgangspunktet eie om lag 1/3 som på sikt kan reduseres til 1/5. For at selskapene skal ha tilstrekkelig innovasjons- og investeringskapasitet må både SIVA og regionene gå inn med et kontantinnskudd i tillegg til overføring av eierandeler i eksisterende selskaper regionalt."

Fylkesdirektøren sine merknader

Fylkesdirektøren har heile tida meint at fylkeskommunane burde ha fått totalansvaret både politisk, fagleg og finansielt for regionale utviklingsoppgåver. Dette gjeld også for Innovasjon Norge (IN) sitt regionale verkemiddelapparat, jf vedtak i Fylkestinget i sak T- 09/06.

Fylkesdirektøren fryktar at løysinga med delt eigarskap av Innovasjon Norge, der staten framleis har majoriteten av aksjane, ikkje vil ha nokon gevinst for fylkeskommunane eller regional utvikling – det vil berre gi auka byråkrati.

Dersom det likevel blir ei løysing med delt eigarskap 49/50, er fylkesdirektøren einig med KS i at fylkeskommunane må vere ein likeverdig part ved oppnemninga av representantar til dei regionale styra til IN, og at bestemmingane om regional oppnemning av styrerepresentantar blir lovfesta og ikkje berre vedtektsfesta slik departementet no legg opp til. Det er viktig at styret til IN får ein tydlegare strategisk rolle. Fylkesdirektøren støttar og KS i at det bør lov- eller vedtaksfestast at dei regionale direktørane skal tilsetjast av dei regionale styra og ikkje som i dag av administrerande direktør for IN.

Regjeringa og Stortinget meiner at rammefinansiering skal vere hovudprinsippet for finansieringa av regionane. Departementet omtalar ikkje dette forholdet nærmare i høyringsnotatet, men fylkesdirektøren vil påpeke at ein konsekvens av dette må bli vere at øyremerka postar blir innlemma i rammetilskotet.

Vidare må Stortinget og regjeringa sine prinsipp føre til at viktige delar av løyvingane som i dag blir overførde frå departementa (KRD, NHD, FKD, LMD) til IN sentralt blir overførte direkte til regionane.

Det blir lagt opp til ei frivillig ordning for regionane om dei ønskjer å inngå samarbeid med SIVA om oppretting av regionale innovasjonsselskap. Fylkesdirektøren er positiv til ei slik ordning, men etterlyser ressursar til ev. regionalt eigarskap i innovasjonsselskapa. Regionane bør gi forpliktande strategiske føringar for SIVA sin innsats og virkemiddelbruk. I dag er SIVA kopla frå fylka og følgjer sin egen strategi. Det må bli ein forpliktande kopling mellom dei regionale utviklingsprogramma og SIVA sin virkemiddelbruk.

2.4.4. Oppgåver på Fiskeri- og kystdepartementet sitt område (kap 6, side 4 og 79)

“Regionene vil få ansvar for tildeling av alle ordinære akvakulturtillatelser på aktørnivå innenfor egen region, klarering av lokaliteter samt å fremme eventuelle innsigelser på vegne av havbruksinteresser til kommunale (kystsone)planer. Innenfor havressursforvaltningen skal regionene anvende og fordele regionens andel av skolekvoter, på grunnlag av statlig fastsatte rammevilkår og kvotefordeling. Regionene skal også overta oppgaven med å innvilge fellingstillatelser på kystsel, registrere antall felte dyr etc. Regionene vil også få myndighet til å gi lokale fiskerireguleringer innenfor gitte rammer. Dessuten vil regionene bli ansvarlige for utvikling av kriterier for deltakelse i og utøvelse av fisket etter kongekrabbe.”

Fylkesdirektøren sine merknader

Fylkesdirektøren meiner at det viktigaste forslaget frå Fiskeri- og kystdepartementet, er ansvaret for å fremme motsegn på vegne av havbruksinteresser i kommunale kystsoneplanprosessar, ei oppgåve som vil bli overført frå Fiskeridirektoratet til fylkeskommunane.

Dei andre forslaga vil nok ha mindre effekt for Møre og Romsdal. To av dei større forvaltningsområda som er føreslege overført (Kongekrabbe og lokale fiskerireguleringar), gjeld berre dei nordlegaste fylka, og har ikkje innverknad i vårt fylke.

Ein føreset vidare at det vert overført tilstrekkeleg med personale og økonomiske ressursar slik at oppgåvene kan gjennomførast på ein god og tilfredsstillande måte for næringsaktørane.

Fylkesdirektøren vil elles vise til at fiskeriressursane er nasjonale ressursar. Norge må føre ein nasjonal fiskeripolitikk, utan regionalisering. Fylkesdirektøren meiner og at dagens konsesjonsavgifter for nye havbruksanlegg bør avviklast og erstattast av ei arealavgift som tilfaller kommunane.

2.4.5. Oppgåver på Miljøverndepartementet sitt område (kap 7, side 6 og 93)

“Det er foretatt en gjennomgang av fylkesmannens oppgaver på miljøområdet, i samsvar med det som ble varslet i stortingsmeldingen. Oppgaveporteføljen i fylkesmannens miljøvernavdeling er knyttet til forvaltningsoppgaver etter forurensningsloven, naturvernloven, vannforvaltningsforskriften, forvaltning av både høstbare og truede/sårbare arter, jakt- og fiske samt allment friluftsliv. Dessuten har fylkesmannen en rekke oppgaver tilknyttet klagebehandling, innsigelse til arealplaner, tilsyn og kontroll. De sistnevnte oppgavene er ikke aktuelle for overføring til folkevalgte regioner. Fylkesmannens oppgaver knyttet til bevaring av innlandsfisk/høstbare viltarter og jakt/fiske på disse artene samt oppgaver med å tilrettelegge og ivareta allment friluftsliv skal overføres til regionene. Det samme gjelder vannregionmyndighet etter forskrift om vannforvaltning. Slik myndighet er nå lagt til 9 av fylkesmannsembetene. Vannforvaltningsforskriften må endres som følge av denne omleggingen. I tillegg får regionene en styrket rolle i regional planlegging og i forhold til klimautfordringen.”

Oppgavene tilknyttet forurensningsfeltet forutsettes beholdt hos fylkesmennene siden det arbeides med en omlegging fra enkeltkonsesjoner til forskriftsfestede standardkrav, noe som innebærer at fylkesmannens oppgaver i hovedsak blir å føre tilsyn med aktørene. Fylkesmennene skal også fortsatt ha ansvaret for regionale oppgaver innen truede og sårbare arter (bl.a. rovvilt).

Spørsmålet om plassering av forvaltningsansvaret for områdevernet er utsatt og skal avgjøres som en del av arbeidet med ny lov om naturmangfold. Denne skal etter planen legges fram for Stortinget i løpet av 2008. Loven skal sikre at hensynet til ulike deler av naturvernet ivaretas."

Kap 11.7. tek opp dei økonomiske og administrative konsekvensane av forslaga (side 129-130):

"De oppgavene som skal ligge igjen hos fylkesmannen, d.v.s. klagebehandling, kontroll, tilsyn, innsigelsesarbeidet knyttet til plan- og bygningsloven, forurensningsområdet og truede/ sårbare arter, vil kreve opprettholdelse av bred miljøfaglig kompetanse. Fylkesmannen må derfor ha kompetanse på hele miljøfeltet for å kunne gjøre en god jobb innen de nevnte områdene. Staten vil rendyrke forurensnings- og biomangfoldkompetanse i.h.t. klart statlige sektoroppgaver og ift arbeidet med å ivareta nasjonale miljøverdier i plansaksbehandlingen. Oppgavene som foreslås overført regionene vil kunne ses i sammenheng med andre regionale oppgaver innenfor planlegging, idrett, helse og ressursforvaltning i et bredere perspektiv. Regionene vil få kompetanse på friluftslivet og arenabygging, samarbeid med rettighetshavere og kommuner mv for å sikre bestander av høstbare arter og tilrettelegging for høsting. Regionene vil få hovedkompetansen og – ansvaret for allmennhetens interesser.

De oppgavene som foreslås overført regionene ivaretas i dag i stor grad av personer hvis kompetanse fortsatt vil kreves hos fylkesmannen. Det antas at regionene i ulikt omfang vil ha behov for kompetanseutvikling og kapasitet innenfor feltene friluftsliv, biologi og vassdragsforvaltning. Mange fylkeskommuner har slik kompetanse allerede i dag. Det er ikke gjort en nøyaktig utregning av det tidsmessige omfanget av arbeidsoppgaver som foreslås overført. Et slikt kartleggingsarbeid og vurdering vil bli gjennomført så langt oppgavefordelingen mellom fylkesmennene og regionene er klarlagt. Deler av arbeidet med vannrammedirektivet hos vannregionmyndighetene og øvrig fylkesmannsembeter finansieres i dag med bevilgninger over Miljøverndepartementets budsjett. Det vil være naturlig at plan- og prosessmidlene til dette arbeidet overføres til regionene sammen med overføringen av oppgavene i tilknytning til gjennomføringen av direktivet i Norge.

Forvaltningen av tilskuddspostene til friluftsliv som i dag tilligger fylkesmannen, foreslås overført til regionene. Forvaltningen av den delen av viltfondet som går til lokale vilttiltak knyttet til høstbare arter foreslås også overført til regionene.

Regjeringen mener en med dette forslaget foretar en opprydding mellom statlige oppgaver hvor regionalt handlingsrom er lite og behovet for et nasjonalt helhetsgrep er helt nødvendig, og oppgaver av mer utviklingskarakter. Vannrammedirektivet er et unntak, men her er

begrunnelsen at hovedvirkemiddelet ligger i til plan- og bygningsloven som regionene har ansvaret for på regionalt nivå. På dette området vil sterkere styringsvirkemidler enn det regionene ellers er vant med, bli etablert.

Regjeringen mener forslaget ikke gir grobunn for etablering av dobbeltkompetanse. Vinklingen på fylkesmannens og regionenes framtidige arbeid blir ulik. Fylkesmannen blir kontrollinstans, klagemyndighet og gjennomfører av rent statlig politikk, mens regionene får nye verktøy i rollen som regional utviklingsaktør."

Fylkesdirektøren sine merknader

Fylkesdirektøren vil trekke fram at framlegg på miljøvernområdet i høringsnotatet ikkje er i samsvar med Stortinget sine politiske føringar ved behandlinga av Stortingsmeldinga (jf. Inst. S. nr. 166 (2006-2007), kapittel 4.4.2):

"Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Sosialistisk Venstreparti, Senterpartiet og Venstre, ser det som viktig for å få en klar ansvarsdeling at alle oppgaver med regionalpolitisk skjønn legges til de nye regionene. Det er flere oppgaver hos fylkesmannen i dag som har konsekvenser for den regionale samfunnsutviklingen, og som derfor bør underlegges regionalpolitiske prioriteringer og beslutninger.

Flertallet gir sin støtte til Regjeringens utgangspunkt om at de fleste oppgavene på landbruks- og matområdet og miljøvernområdet som i dag tilligger fylkesmannen, blir overført til regionene med unntak av klagebehandling, innsigelse, lovlighetskontroll og tilsyn. Fylkesmannen skal fortsatt ha veiledningsansvar for de oppgaver som blir igjen. Flertallet mener det er viktig å gi regionene det helhetlige ansvaret og virkemidlene for de oppgaver som krever utøvelse av regional politisk skjønn i miljø og landbruksforvaltningen. Flertallet viser til at det er viktig å se landbruks- og miljøområdet som et globalt og tverrsektorielt samfunnsområde. Dette innebærer at internasjonale avtaler legger føringer for nasjonal politikk. Flertallet vil videre påpeke at i en enhetsstat som Norge kan oppgaver overføres samtidig som man for eksempel gjennom nasjonal lovgivning kan nå bestemte mål, som foreksempel en restriktiv jordvernpolitikk.

Flertallet vil peke på at det er omfattende oppgaveoverføringer til det folkevalgte nivå som det nå legges opp til."

Fylkesdirektøren finn det her relevant å vise til forsøket med einskapsfylke, der statleg og fylkeskommunal kompetanse på areal- og miljøvernområdet er samla i same fagmiljø. Uavhengig av kva som blir statlege og fylkeskommunale oppgåver etter 2010, vil fagmiljøet i einskapsfylket framleis vere samla. I eit einskapsfylkeperspektiv, vil det vere mest effektivt at dei oppgåvene som krev eit regionalpolitisk skjønn følgjer den fylkeskommunale styringslinja, medan oppgåver som er rein iverksetting av statlege oppgåver, mest effektivt blir løyst etter den statlege styringslinja.

Fylkesdirektøren vil vise til dei moglegheiter som ligg for fylkespolitikarane i fylkesplaninstrumentet. Gjennom fylkesplanlegging eller tilvarande plan kan fylkeskommunane samordne kommunale, regionale og statleg aktivitet og planar i større grad enn det som har vore praksis til i dag. På denne måten gis det rom for regionale tilpassingar og prioriteringar innafor arealvern og bruk av arealressursar. Fylkesplanen kan utarbeidast for dei fleste tema, som: arealutnytting, samferdsel,

energiutnytting, energiforsyning ressursutnytting, havbruk, miljømål for vassførekomstar, strandsoneforvaltning, tiltaksplanar for forureina sjøbotn osv. Vedtatt fylkesplan vil også verke styrande for statleg aktivitet i regionen.

Fylkesdirektøren meiner at dei oppgåvene som er foreslått innanfor vannressursforvaltning, friluftsliv, vilt, fiske og rettleiing av kommunar i deira klimaarbeid er positivt. Desse oppgåvene er viktige for innbyggjarane sin livskvalitet, særleg når dei blir sett i samanheng med oppgåver innanfor folkehelse, kultur og idrett.

2.4.6. Oppgåver på Landbruks- og matdepartementet sitt område (kap 8, side 5-6 og 110)

”St.meld. nr. 12 (2006-2007) varsler en gjennomgang og vurdering av fylkesmannens oppgaver på landbruks- og matområdet. Denne gjennomgangen er foretatt. Fylkesmannen har en sentral rolle som utviklingsorgan og er en viktig aktør for å følge opp de nasjonale landbrukspolitiske målene i det enkelte fylke. Videre er fylkesmannen kompetansesenter for kommunene, fører kontroll med tilskuddsordningene (som forvaltes av kommunene), er saksforberedende organ for fylkeslandbruksstyret og er aktiv i samfunnsplanleggingen.

Regjeringen er opptatt av å styrke ansvar og samordning av regional næringsutvikling. I den forbindelse vil regjeringen vurdere overføring av forvaltningen av bygdeutviklingsmidlene knyttet til tilrettelegging og utvikling, samt de funksjoner fylkesmennene har i verdiskapingsprogrammene fra fylkesmennene til det regionale folkevalgte nivå. Allerede i dag er det et tett samarbeid mellom fylkeskommunene og fylkesmennene gjennom det regionale partnerskapet og arbeidet med regionale utviklingsprogram. Det vil bli gjort en vurdering av hvordan samspillet på området kan effektiviseres og målrettes. Samtidig er det viktig å sikre et tilfredsstillende kompetansemiljø på landbruks- og matområdet regionalt.

Regjeringen har gjennom hele prosessen hatt som utgangspunkt at det skulle skje betydelige oppgaveoverføringer både på miljøvern- og landbruks- og matområdet. St.meld. nr. 12 (2006-2007) la til grunn at de fleste oppgavene fra disse sektorene skulle overføres, men at det imidlertid skulle vurderes nøye i hvert enkelt tilfelle og skje på en måte som sikret mulighetene til å nå nasjonale politiske mål og internasjonale forpliktelser på områdene. Dette vektla også Stortinget i sin behandling av saken, jf. Innst. S. nr. 166 (2006-2007).

I forbindelse med gjennomgangen av oppgavene på miljøvernområdet har Regjeringen besluttet at forvaltningsansvaret for områdevernet skal avgjøres som en del av arbeidet med ny naturmangfoldlov som etter planen skal legges fram i løpet av 2008.

Spørsmål om overføring av forvaltningen på landbruksområdet må etter Regjeringens syn ses i sammenheng med den løsning som velges for overføring av forvaltningen på miljøområdet.”

Fylkesdirektøren sine merknader

For oppgåveløysinga er det ein fordel at landbruksforvaltninga på fylkes-/regionnivå vert halde samla. Dette vil sikre eit framleis slagkraftig fagmiljø og samla kompetanse. Landbruksforvaltninga innafor eitt organ vil sikre erfaringsoverføring mellom ulike oppgåver - m.a. forvaltning, klagehandsaming, kontroll m.v. For legitimitet og slagkraft utad vil det såleis være viktig å behalde eit samla kompetanse- og fagmiljø innafor ein organisasjon. Igjen vil fylkesdirektøren vise til forsøket med einskapsfylke, som gir høve til eit samla fagmiljø uavhengig av kva deling som blir på landbruksområdet gjennom forvaltningsreforma.

Fylkesdirektøren sitt standpunkt er at fylkesmannen sine oppgåver, mynde og økonomiske ressursar som nyttast til landbrukstiltak bør overførast til den regionalpolitisk styringsstrengen, og sjåast i samanheng med anna næringsutvikling og kulturlandskapsforvaltning. Dette synspunktet, som og er Stortinget sine føresetnader, har ikkje fått gjennomslag i høyringsnotatet.

Landbruksoppgåvene må koplast opp mot fylkeskommunane sitt breie arbeid med planlegging, nærings- og kompetanseutvikling, men også opp mot kulturminnevern og landskap – alt i nært samspel med kommunane.

Fylkesdirektøren er kritisk til at høyringsnotatet ikkje er tydelegare på at oppgåver på landbruksområdet skal overførast til regionane.

2.4.7. Oppgåver på Kultur- og kirkedepartementet sitt område (kap 9, side 5 og 115)

”I Innst. S. nr. 166 (2006-2007) forutsettes det bl.a. at ”regionene bør få det fulle ansvaret for å forvalte spillemidlene til kulturbygg og til lokale og regionale idrettsanlegg”. En slik endring vil kunne få konsekvenser for fordelingsystemet, og må derfor ses i sammenheng med en varslet gjennomgang av kriteriene for fordeling av spillemidler til idrettsanlegg. Dette arbeidet vil trolig være ferdigstilt medio 2009.

Fra og med 2010 vil midlene til regionale kulturbygg bli kanalisert inn i den desentraliserte ordningen for kulturhus etter hvert som disse blir fristilt fra pågående prosjekter. Vurdering av hvilke av Norsk kulturråds oppgaver som kan legges til regionalt nivå vil bli foretatt så snart Stortinget har vedtatt geografisk inndeling for det regionale nivået. Av øvrige oppgaver på Kultur- og kirkedepartementets område nevnes at regionene skal få ansvaret for oppnevning av styreleder og eventuelt noen eller alle av styremedlemmene til region- /landsdelsinstitusjonene og knutepunktinstitusjonene.”

Fylkesdirektøren sine merknader

Fylkesdirektøren er skuffa over at framlegg til ny oppgåvefordeling på kulturområdet framstår uklart i meldinga. Den regionale rolla blir fragmentert og det blir gitt for utydlege rom til dialogen mellom regional og lokal forvaltning for å sikre heilskaplege grep innan eit samla kulturområde. Stortinget sine merknader på kultur og idrettsområdet er ikkje følgt opp i høyringsnotatet.

Fylkesdirektøren sitt standpunkt er at dersom det regionale folkevalte nivået skal vere i stand til å sette kultursatsing inn i ein større heilskap og foreta lokale og regionale tilpassingar, må dei kulturpolitiske verkemidla som i dag er lagt til staten

eller statlege organ, overførast til fylkeskommunane og forvalta i samarbeid med kommunane.

I framtidig kulturpolitikk må statleg og regionalt mynde utfylle kvarandre. Det nasjonale nivået har ansvar for sentrale institusjonar, organisasjonar og den nasjonale kulturpolitikken. Fylkeskommunane vil ha kompetanse, ressursar, mynde og ansvar for utvikling av det regionale mangfaldet.

Fordelinga av spelemidlar til mellom anna idrettsanlegg og kulturhus skjer ved nasjonal koordinering og styring gjennom regelverket og forvaltning av spelemidlar. Fylkeskommunane har i samarbeid med kommunane ansvar for prioritering av midlane til investeringar, men innanfor sterkt styrte rammer. Offentleg innsats for idrett, kultur og friluftsliv er innretta mot lokalsamfunna og frivillige organisasjonar. Forvaltning av ressursane krev lokal kunnskap, tilpassing og engasjement, men føreset ikkje eit nasjonalt perspektiv eller spesialkompetanse. Kommunar og regionar må kunne stå friare i disponeringa av spelemidlar både når det gjeld moglege støttetiltak og prioriteringar mellom drift og investeringar. Større handlingsrom i disponering av spelemidlar kan medverke til at den offentlege innsatsen blir betre tilpassa lokale og regionale behov, og at den kan gi større effekt. Dette inneber at fylkeskommunane i samarbeid med kommunane og organisasjonar bør ta avgjerd om forvaltning av spelemidlar retta mot lokale og regionale anlegg. Dekningsgrad, folketal, tal på kommunar og reisetid til anlegg må vere faktorar som avgjer fordeling av rammer mellom regionar.

I samsvar med Stortinget sin merknad, meiner fylkesdirektøren at fylkeskommunane bør få det fulle ansvaret for å forvalte spelemidlane til kulturbygg og til lokale og regionale idrettsanlegg. Vidare må alle midlar til regionale og lokale bygg og anlegg som blir fordelt av Kyrkje- og kulturdepartementet overførast til regionane.

Fylkesdirektøren er samd i prinsippet om større regionalt ansvar for oppnemning av styrer til region-/landsdelsinstitusjonar og knutepunktsinstitusjonar. Fylkesdirektøren føreset vidare dialog med departementet om retningslinjer for dette.

Fylkesdirektøren sluttar seg til det som er foreslått om arkivsentra. Fylkeskommunane må spele ei sentral rolle i både utvikling og drift av interkommunale arkivløyseringar i samarbeid med kommunane. Både offentlege arkiv og private arkiv må vere integrerte deler i regionale arkivsentra.

Satsing på kvalitet og tilgjenge i eit saumlaust biblioteknettverk føreset at det finst eit bibliotekfagleg organ på fylkesnivå. Dette må få klare oppgåver og få overført ansvar og ressursar. Ved hjelp av biblioteklova og sektorovergripande planverk må ein sikre framtidige regionbibliotek mynde og legitimitet til koordinering og utvikling av bibliotekenestene. Økonomiske verkemidlar som FoU-midlar og investerings- og driftstilskot til biblioteklokale og bokbussar bør overførast til regionalt nivå. Det regionale biblioteknivået vil best tene nasjonal bibliotekpolitikk ved å implementere denne i regional politikk.

Fylkesdirektøren er samd i konklusjonen i St.meld. nr. 12 2006-2007 *Regional fortrinn-regional framtid* der det vert slått fast at størst mogleg del av produksjonane av skolekonsertar skal skje regionalt. Eit viktig vilkår er at produksjonane kunstarisk og formidlingsmessig held høg kvalitet. Kvalitetsaspektet gjeld uavhengig av kor konsertane er produserte. Ved ei slik overføring av

produksjonsansvar frå Rikskonsertane til fylkeskommunane, får Rikskonsertane frigjort ressursar til å utvikle seg til eit nasjonalt ressurs- og kompetansesenter som produksjonsmiljøa i regionane kan gjere seg nytte av.

Formålet med Kultur- og kirkedepartementet sitt arbeid med stortingsmeldinga om scenekunstheltet er å gjere gode teaterproduksjonar tilgjengeleg for eit større publikum, betre ressursutnytting og auka ressursar til regional teaterproduksjon gjennom samproduksjonar mellom Riksteatret og region-/landsdels teatra, der Riksteatret går inn med produksjonsmidlar. Fylkesdirektøren er samd i dette formålet. Dette punktet må også sjåast i samanheng med punktet om regionalt oppnemnde styrer i region-/landsdelsinstitusjonar og knutepunktsinstitusjonar. I høyringsnotatet går det fram at fylkeskommunane skal ha eit større ansvar for oppnemning av styreleiar og – medlemmer til regions- og landsdelsinstitusjonar innan kulturområdet. I notatet er det sagt at KD vil gje ein nærare omtale av prinsippa for fordeling i eiga stortingsmelding om scenekunstheltet. Fylkesdirektøren forventar at dette blir følgt opp.

For tilskotsordningar som i dag ligg hos Norsk kulturråd der tilskotsmottakarar har stor lokal/ regional forankring, bør forvaltninga av slike ordningar for framtida bli overført til regionane.

2.4.8. Oppgåver på Helse- og omsorgsdepartementet sitt område (kap 10, side 124)

Oppgåvene under dette departementet er ikkje omtalt i oppsummeringa i kap 1.2.1 av oppgåver som blir foreslått overført regionalt folkevalte. Vi klipper difor i staden nøkkelaussnitt i kap 10 som handlar om folkehelse og tannhelse.

Følgjande "klipp" om folkehelse er henta frå kap 10.1.4:

"Helse- og omsorgsdepartementet legger opp til en egen prosess for å følge opp Kommunal- og forvaltningskomiteens merknad og vurdere å forankre folkehelsearbeidet som en ordinær oppgave, jf. Innst. S. nr 166 (2006-2007).

Dersom folkehelsearbeidet skal forankres som en ordinær oppgave for regionene, må dette gjøres gjennom lov. Utredningsarbeidet vil bli ledet av departementet, og det tas sikte på å involvere berørte parter i prosessen: Sosial- og helsedirektoratet, representanter for dagens fylkeskommuner og kommunesektoren for øvrig, landets fylkesmenn, Statens helsetilsyn og berørte faginstanser. De mest berørte departementer vil også bli invitert med i arbeidet.

Helse- og omsorgsdepartementet tar sikte på å sende ut et høringsnotat om saken i løpet av 2008.

Som ledd i lovarbeidet vil erfaringer fra partnerskap for folkehelse regionalt og lokalt bli systematisert. Erfaringer fra hvordan arbeidet er forankret og organisert i fylker og kommuner vil være nyttige i dette arbeidet.

Det er forventninger til at høringsinstansenes merknader til dette høringsnotatet vil gi viktige innspill til prosessen i regi av Helse- og omsorgsdepartementet."

Følgjande "klipp" om tannhelse er henta frå kap 10.2 (side 125):

"I Innst. S. nr. 166 (2006-2007) uttaler Kommunal- og forvaltningskomiteen at det må sterke grunner til dersom tannhelsetjenesten skal gis en annen plassering enn det regionale nivå. Etter regjeringens vurdering foreligger det ingen slike sterke grunner. Regjeringen tilrår derfor en regional tannhelsetjeneste. Hvorvidt det blir en forsterket fylkesmodell eller en modell med få regioner, anses ikke å være avgjørende i den sammenheng."

Fylkesdirektøren sine merknader

Fylkesdirektøren ser positivt på at Folkehelse blir eit sjølvstendig regionalt verksemdsområde. Forsking seier at 90 % av faktorane som skaper helse i befolkninga blir generert utanfor helsevesenet. Det er naturleg at ein tar konsekvensane av denne kunnskapen, og investerer i eit systematisk tversektorielt folkehelsearbeid. Politisk og administrativt må det etablerast faste strukturar som har brei fagkompetanse, mandat og ressursar til å koordinere det tversektorielle folkehelsearbeidet.

Sidan 2003 har fleire av fylkeskommunane bygd opp ein partnerskapstruktur om folkehelse, med tilsetting av personell på regionalt nivå, og koordinatorar på kommunenivå. Denne strukturen har skapt ein ny systematikk i folkehelsearbeidet og må vidareførast. Folkehelsekoordinatorar og partnerskap vil sikre struktur og nettverk for å kunne drive eit lovpålagt ansvar for regionalt folkehelsearbeid.

Det regionale leddet bør koordinere eit system for helseovervaking i samarbeid med stat og helseføretak. Slike system bør utviklast i samarbeid mellom nasjonalt og regionalt nivå.

Oppgåver som det regionale leddet bør ta ansvar for:

Føre vidare arbeidet innan fysisk aktivitet, rusførebygging, ernæring, tobakk og psykisk helse, samt førebygging av sosiale skilnader i helse.

På systemnivå halde fram med iverksetting av regional og nasjonal politikk, tilskotsforvaltning, rådgiving og vegleiing i samarbeid med etatar og føretak, regional stat og kompetansemiljø.

Av nye oppgåver bør det regionale leddet vere ein medaktør for betre samhandling mellom helseføretak og kommunar. Det bør byggast ein folkehelsestruktur med økonomiske ressursar som fylgjer pasientar i oppfølging etter behandling frå føretaka. 40 % av alle som blir skrivne ut frå sjukehusa blir reinnlagt innan ein månad. Dette kunne vore unngått. Ein stor del av desse har behov for livsstilskonsept og vegleiing på kommunenivå for å bygge ei varig god helse. Det bør gis økonomiske ressursar for primærførebygging generelt mot heile befolkningen, men og ei fornya spissa førebygging for risikogrupper i fare for innlegging i etterkant av behandling.

Fylkesdirektøren sluttar seg til at Folkehelse blir ei ny lovpålagt oppgåve.

Fylkesrådmannen støttar vidare at regionane også får ansvaret for tannhelsetenesta i framtida.

Helse og omsorg er eit fagområde der Møre og Romsdal fylkeskommune i førre høyringsrunde gikk lenger enn KS i å leggje oppgåver til den regionale administrasjonen. Bakgrunnen for det er erfaringane med einskapsfylkemodellen. Dei oppgåvene som ligg til Helse- og sosialavdelinga i einskapsfylket i dag bør vere naturlege oppgåver også i ein framtidig regionmodell med ein statlig og ein

regionalpolitisk styringsstreng. Å ha desse helse- og sosialoppgåvene i same organisasjon som tannhelse, har gitt ein meirverdi for einskapsfylket, m.a. gjennom samarbeid om råd- og rettleiing. Dette dreier seg både om tannhelse til eldre, til barn og unge og til rusmiddelmissbrukarar.

Samling av fylkeskommunen og fylkesmannen sin kompetanse på helsespørsmål har ikkje minst positive effektar for det førebyggjande helsearbeidet.

Med einskapsfylket ligg det til rette for at ein større del av dei oppgåvene staten har i samband med gjennomføring nasjonal politikk som rettar seg mot kommunane, kan overførast til den statlege styringslinja.

Det er grunn til å gå gjennom oppgåver som ligg under Justisdepartementet sitt ansvarsområde, og på eit overordna nivå sjå på om det her er oppgåver som like godt kan bli ivareteke i den statlege styringslinja på regionnivå. Fylkesmannen utførte tidlegare eit breitt spekter av oppgåver for Justisdepartementet. Det har her skjedd ein gradvis prosess ved at oppgåver er flytta frå fylkesmennene til andre eller nyoppretta statlege organ. Det dreier seg mellom anna om rettleiings- og utviklingsoppgåver, der ein vil ha gevinst av at dei blir utført av same organ som utførar tilsynet. Ikkje minst kommunane kan ha gevinst av at dei har færre organ å kontakt med. I tillegg vil dei som ivaretek oppgåvene få ein breiddekunnskap om feltet, som gjer at ein i større grad kan sikre heilskapen innan særskilte komplekse fagområde. Samstundes vil dette støtte opp om ein distriktspolitikk med mål om spreiding av kompetansearbeidsplassar ut til distrikta.

2.4.9. Oppgåver på Olje- og energidepartementet sitt område (ikkje omtala i høyringsnotatet)

Fylkesdirektøren sine merknader

Olje- og energidepartementet sine ansvarsområde ikkje er handsama i høyringsnotatet. Skal regionane vere i fremste rad i klimapolitikken, må dei også få eit større ansvar også innafor fornybar energi og energieffektivisering.

Regionane bør forvalte positive verkemiddel i energi- og klimapolitikken slik at dei står fram som ein kraftfull utviklingsaktør på området.

Regionane bør få overført fleire verkemiddel som i dag vert disponert av Enova. Større regionalt ansvar vil gi betre mobilisering for energieffektivisering og fornybare energiløysingar.

Regionane bør få meir ansvar knytt til planlegging og bygging av små og mellomstore vindkraftverk/vasskraftverk og dei må koplust tettare på konsesjonshandsaminga.

Desse forslaga må vurderast i samanheng med det ansvaret regionane skal ha for miljø- og klimapolitikken.

3. Vurdering av ny regioninndeling

Store regionar har aldri vore noko folkekrav, særleg ikkje i Møre og Romsdal. Det store fleirtalet av innbyggjarane i Møre og Romsdal føretrekk at Møre og Romsdal skal vere eigen region framfør ei løysing med landsdelsregionar. Ei meningsmåling Sentio Research Norge har utført for avisa Tidens Krav våren 2007, viser at nær 70 prosent av dei spurte vil behalde Møre og Romsdal som eigen region. Ei tilsvarande undersøking vart gjennomført i oktober 2006 for NRK Møre og Romsdal, og da var det 61 prosent som ville behalde fylket med dei grensene det har i dag. Dette viser at motstanden mot landsdelsregionar er aukande i Møre og Romsdal.

Skepsisen mot landsdelsregionar er og utbreidd blant kommunane i Møre og Romsdal. Eit stort fleirtal av kommunane svarte i ei spørjeundersøking våren 2006 at større regionar vil gje eit dårlegare tilbod til kommunane, jamført med dagens situasjon. 70 prosent av kommunane var representert i undersøkinga. Kommunane (ordførarar, rådmenn og administrativt tilsette) var særleg skeptiske på følgjande område:

- Kommunen si deltaking i planleggings- og utviklingsarbeid på regionalt nivå (72 prosent trudde dette ville bli dårlegare)
- Kommunen si påverking av vedtak på det regionale nivået (71 prosent trudde dette ville bli dårlegare).
- Samarbeidet kommunen har med det regionale nivået (68 prosent trudde dette ville bli dårlegare).
- Forståing av dei spesielle utfordringane i din kommune/del av regionen (68 prosent trudde dette ville bli dårlegare).

Fylkesdirektøren er difor svært tilfreds med pressemeldinga frå Kommunal- og regionalministeren den 26.02.08:

”Ut frå dei innspela som hittil er komne frå fylkeskommunane om regional inndeling, ser ikkje kommunal- og regionalministeren det aktuelt for regjeringa å gjera framlegg om endra grenser. Eg ser likevel fram til nye innspel om dette frå dei nye fylkestinga, slik at vi eventuelt kan få frivillige samanslåingar”.

Fylkesdirektøren tolkar dette slik at kommunalministeren har gått bort frå at Regjeringa vil nytte tvang i inndelingsspørsmålet.

Møre og Romsdal fylkeskommune har heile tida vore tydeleg på at ein ikkje ønskjer ei inndeling i store regionar, og kan vise til ei lang rekkje argument for dette, jf T-sak 39/07.

Fylkesdirektøren vil på ny leggje fram forslag om ein forsterka fylkeskommune.

Fylkesdirektøren har elles merka seg at høyringsnotatet har ei god oppsummering av høyringssvara frå dei ulike fylkeskommunane i førre høyringsrunde. Her kjem det tydeleg fram at det er fylke med dei største byane som har ønskt seg store regionar og eit større omland, medan omlandet ikkje ser dei same fordelane.

4. Vidareføring av einskapsfylket etter 2010

Saka om forvaltningsreforma viser tydeleg kva som er einskapsfylket sin styrke. Fagdepartementa argumenterer alle for å halde sine fagmiljø samla. KS åtvarar mot å dele kompetansemiljøet på landbruk, og argumenterer for å leggje alle

landbruksoppgåvene hos fylkesmannen til fylkeskommunane. Med einskapsfylke er ikkje deling av kompetansemiljø noko problem. Uavhengig av kva løysing Stortinget kjem fram til, kan fagmiljøa halde fram samla i einskapsfylket. Einskapsfylke vil og handterer lett eit eventuelt skifte i oppdragsgivar på våre oppgåveområde. T.d. vil det vere ein grei sak for einskapsfylke å flytte oppgåvene som er foreslått på utdanningsområdet over frå statleg (fylkesmann) til fylkeskommunal styringslinje.

Den 10. mai 2007 vedtok Stortinget Innst. S. nr. 166 (2006-2007) frå Kommunal- og forvaltningskomiteen, som seier følgjande om "enhetsfylke":

"Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Sosialistisk Venstreparti, Senterpartiet og Venstre, viser til at det i meldinga er redegjort for den forsøksvirksomheten som nå pågår i noen fylker og kommende evalueringer av disse. Både i Møre og Romsdal og Hedmark gjør de erfaringer med henholdsvis Samhandlingsarenaen og Enhetsrådet innen Enhetsfylkemodellen. I Vestlandsrådet og BTV-samarbeidet har de drevet forsøk innen samferdsel, og i Oppland har fylkeskommunen fått delegert ansvar for økonomiske virkemidler til verdiskaping i det såkalte Fritt fram-forsøket. Flertallet er tilfreds med at det er åpning for å drive forsøk i offentlig sektor. Gitt at en ny regioninndeling bare avviker mindre fra dagens fylkesinndeling, støtter flertallet Regjeringens innstilling om at det kan være aktuelt å videreføre og videreutvikle ordningen med enhetsfylke der hvor det er regionalpolitisk vilje til dette."

Det er gjennomført ei rekkje evalueringar av forsøket med einskapsfylke. Det er godt dokumentert at forsøket har hatt positiv effekt for samhandling, ressursutnytting, innovasjon og regional utvikling i Møre og Romsdal. Sluttevalueringa frå Trøndelagsforskning/Østlandsforskning slår fast at måla for forsøket langt på veg er nådd. Det er viktig for Møre og Romsdal fylke å kunne halde fram den positive utviklinga vi har fått med einskapsfylke.

I tillegg til eit samrøystes fylkesting, og positive tilbakemeldingar frå kommunane, er det og ei brei støtte for vidareføring av einskapsfylke blant sentrale aktørar i det regionale partnarskapet i Møre og Romsdal. Dette kjem fram i den regionale høyringa om regionreforma og regioninndeling som Møre og Romsdal fylke har gjennomført i vår. LO, NHO, og KS i Møre og Romsdal, Møre og Romsdal Bondelag og frivillige organisasjonar representert ved Møre og Romsdal Idrettskrets, argumenterer alle i sine høyringssvar for at Møre og Romsdal må halde fram med einskapsfylkemodellen.

I Norsk institutt for by- og regionforskning (NIBR) si sluttevaluering av forsøket er det vist til ei rekkje positive resultat i løpet av dei få åra forsøket har gått. NIBR problematiserar klage- og tilsynsoppgåvene knytt til einskapsfylke sine egne tenester. Det NIBR også burde gjort, var å problematisere klage- og tilsyn i dagens modell – den som alle dei andre fylka har. Det er grunn til å spørje seg om innbyggjarane har klart for seg dei ulike rollene som fylkeskommunane og fylkesmannen har – og kven som har kva for roller. Det er og slik at i fylkesmannsembeta er det slik at dei tilsete driv rådgining – og seinare behandlar klager på dei råda dei sjølv har gitt. Fylkesdirektøren vil understreke at dette ikkje er problematisk, dette har fylkesmannsembeta handtert greitt. Og ingen innbyggjarar har klaga over denne rolleblandinga. Fylkesdirektøren vil ta til orde for integrerte modellar, som legg til rette for kunnskapsdeling og erfaringsoverføring – og som forenkler forvaltninga for brukarar og innbyggjarar.

Forsøket med einskapsfylket synest å vere vellukka for dei som all offentleg verksemd rettar seg mot – innbyggjarar og brukarar. Dette bør veie tungt i vurderinga av vidareføringa av einskapsfylkemodellen i Møre og Romsdal.

KRD varslar i brev av 18. februar 2008 at dei vil ta initiativ til eit møte om framtida for einskapsfylke i Møre og Romsdal:

“Departementet vil på eit seinare tidspunkt ta initiativ til drøfting av korvidt, og eventuelt i kva for ei form, ein skal vidareføre einskapsfylke i Møre og Romsdal etter 2010. Departementet er klar over at forsøket slik det er utforma i dag ikkje gjer det mogleg å oppnå administrativ forenkling fullt ut. Dette vil bli teke med i den vidare vurderinga.”

Forslag til vedtak:

1. Møre og Romsdal fylkeskommune er positive til at fylkeskommunane gjennom forvaltningsreforma får overført nye oppgåver. Særleg på samferdesområdet er ansvaret vesentleg utvida.
2. Det er positivt at fylkeskommunane no får ansvaret for øvrige riksvegar med tilhøyrande fergjesamband.
3. Det må vere ein absolutt føresetnad for overføring av ansvaret for øvrige riksvegar at kostnadane blir kompenserte fullt ut og at vegnettet blir overlevert i forsvarleg stand.
4. Skal regionane bli ei aktiv prioriteringsmyndigheit innanfor vegsektoren, er det nødvendig at dei har ansvaret for dei strategiske prosessane rundt det regionale vegnettet.
5. Det er positivt at folkehelse blir presisert som ei ordinær oppgåve for regionane. Vidare at regionane også får ansvaret for tannhelsetenesta i framtida.
6. Fylkestinget i Møre og Romsdal meiner at regionale forskingsfond vil bli eit verdifullt nytt verkemiddel for regionane. Forskingsfonda vil gje regionane betre tilgang på forskning som ein viktig føresetnad for utviklinga i regionane. Fylkestinget har behandla dette i eiga sak.
7. Fylkestinget i Møre og Romsdal legg til grunn at alle oppgåver der det er behov for regionalpolitisk skjønn, og som er viktige for den regionale utviklinga, skal bli lagt til fylkeskommunane.
8. Fylkestinget vil peike på at dei overordna måla med forvaltningsreforma er eit forsterka folkestyre lokalt og regionalt og at ein gjennom regional samordning skal auke verdiskapinga og sysselsettinga ved å nytte dei lokale fortrinna. Dette er gevinstar som burde fått ein større plass i høyringsnotatet, og særleg i dei vurderingane som dei einskilte fagdepartement har gjort i sine framstillingar.
9. Ved at det einskilte fagdepartement har hatt ansvaret for framlegga i høyringsnotatet, er det ikkje gjort ei heilskapeleg vurdering av ny oppgåveportefølje for fylkeskommunane. Det er heller ikkje vurdert om summen av framlegga samsvarar med Stortinget sine føresetnader for

reforma. Det er ein svakheit ved høringsnotatet.

10. På fleire område følgjer ikkje høringsnotatet opp dei føringane som er gitt i St.meld. nr 12 (2006-2007) og av Stortinget i deira behandling av meldinga. Fleire av forslaga i St.meld. nr. 12 (2006-2007) ikkje er vurderte, og fleire er utsette til ei seinare behandling. Særleg er dette tydeleg på kulturområdet der fleire spørsmål blir skuva ut i tid.
11. Fråsegna frå Møre og Romsdal fylkeskommune om nye oppgåver blir elles slik det går fram av fylkesdirektøren sine merknader til dei konkrete forslaga i høringsnotatet slik dette er framstilt i saksframlegget.
12. Fylkestinget i Møre og Romsdal har gitt fleire høringsfråsegn tidlegare om regionstruktur. Det er ikkje noko i St.meld. nr. 12 (2006-2007), vedtaka i Stortinget 10. mai eller i høringsnotatet som gjer at Møre og Romsdal fylkesting har endra sitt standpunkt: Fylkestinget i Møre og Romsdal avviser store landsdelsregionar til erstatning for dagens fylkeskommunar.
13. Fylkestinget i Møre og Romsdal føretrekk modellen med forsterka fylkeskommune framfør regionmodellen slik modellane er omtala i St.meld. nr. 12 (2006-2007).
14. Saka om forvaltningsreforma viser tydeleg kva som er einskapsfylket sin styrke. Uavhengig av kva løysing Stortinget kjem fram til, kan fagmiljøa halde fram samla i einskapsfylket. Einskapsfylke vil og handterer lett eit eventuelt skifte i oppdragsgivar på dei oppgåveområda som ligg til den felles organisasjonen. Med einskapsfylke har innbyggjarar, kommunar, næringsliv og organisasjonar i Møre og Romsdal fått ein meir robust organisasjon.
15. Møre og Romsdal fylkesting vil leggje einskapsfylkemodellen til grunn for framtidig organisering av regionnivået. Det er godt dokumentert at forsøket med einskapsfylke har hatt positiv effekt for samhandling, ressursutnytting, innovasjon og regional utvikling i Møre og Romsdal. Dette tek og kommunane frå fylket opp i sine høyringssvar. Fylkestinget i Møre og Romsdal synest det er gledeleg at Stortinget den 10. mai opna for ei vidareføring og vidareutvikling av einskapsfylkemodellen der det er regionalpolitisk vilje til det.

Behandling i Fylkesutvalet - 01.04.2008

Svein Atle Roseth, KrF, fremma følgjande forslag:

"Nytt punkt 1:

Møre og Romsdal fylkeskommune viser til sine tidlegare vedtak om regionnivået, med fleirtals- og mindretalsmerknader (vedlegg). Einskapsfylkemodellen står sentralt. Forskningsrapportar og evaluering av forsøket har vore alt overvegande positive. Med full integrering av økonomi- og arkivsystem på fylkeskommunalt og statleg nivå regionalt, vil effektivitet og rasjonell gjennomføring kunne bli endå meir positivt.

Punkt 1 og 2 blir slått saman med følgjande tillegg:

Føresetnaden må vere slik det framgår av uttale til NTP 2010 – 2019 punkt 16, sitat: Øvrige riksvegar skal ifølgje NTP-forslaget overførast til fylka i den stand dei er i ved overtakingstidspunktet i 2010. Fylkestinget støttar denne reforma, men krev eit langt større økonomisk bidrag frå staten enn NTP-forslaget. Dette er for å forsvare eit høgst naudsynt vegvedlikehald, og i tillegg for å vidareutvikle vegnettet ved nyinvesteringar.

Punkt 14

Siste setning: *robust og effektiv organisasjon.*

Kristin Sørheim, Sp, fremma følgjande forslag:

“Alternativt pkt 15:

Forsøket med einskapsfylke har hatt positiv effekt for samhandling, ressursutnytting, innovasjon og regional utvikling i Møre og Romsdal.

Fylkestinget i Møre og Romsdal viser til at Stortinget har opna for ei vidareføring og vidareutvikling av einskapsfylkemodellen der det er regionalpolitisk vilje til det.

Møre og Romsdal fylkesting ønskjer å vidareføre einskapsfylkeforsøket, også etter 2010, men da som eit nytt forsøk der det vert overført fleire oppgåver til regional folkevalt styring. Den politiske dimensjonen i forsøket må styrkast. Det må også vere mogleg å ta ut ein administrativ effektiviseringsgevinst lokalt. Med dei nye oppgåvene som er foreslått til regionane, td innanfor havbruk, planlegging, miljø og utdanning, vil det bli viktig å ha Fylkesmannen som ein sjølvstendig instans for klage, kontroll og tilsyn, og også med ein sjølvstendig rett til å fremme motsegn i plansaker.”

Votering:

Tilrådinga punkt 1 og 2 vart samrøystes vedteke.

Roseth sitt forslag til punkt 1 og 2 vart vedteke med 7 mot 6 røyster.

Tilrådinga punkt 3 – 13 vart samrøystes vedteke.

Tilrådinga punkt 14 vart samrøystes vedteke.

Roseth sitt forslag til tillegg i punkt 14 vart samrøystes vedteke.

Ved alternativ votering mellom tilrådinga punkt 15 og Sørheim sitt forslag, vart tilrådinga vedteke med 12 mot 1 røyst.

Tilråding frå Fylkesutvalet - 01.04.2008

1. Møre og Romsdal fylkeskommune viser til sine tidlegare vedtak om regionnivået, med fleirtals- og mindretalsmerknader (vedlegg). Einskapsfylkemodellen står sentralt. Forskningsrapportar og evaluering av forsøket har vore alt overvegande positive. Med full integrering av økonomi- og arkivsystem på fylkeskommunalt og statleg nivå regionalt, vil effektivitet og rasjonell gjennomføring kunne bli endå meir positivt.
2. Møre og Romsdal fylkeskommune er positive til at fylkeskommunane gjennom forvaltningsreforma får overført nye oppgåver. Særleg på samferdselsområdet er ansvaret vesentleg utvida. Det er positivt at fylkeskommunane no får ansvaret for øvrige riksvegar med tilhøyrande ferjesamband. Føresetnaden må vere slik det framgår av uttale til NTP 2010 – 2019 punkt 16, sitat: Øvrige riksvegar skal ifølgje NTP-forslaget overførast til fylka i den stand dei er i ved overtakingstidspunktet i 2010. Fylkestinget støttar denne reforma, men krev eit langt større økonomisk bidrag frå staten enn NTP-forslaget. Dette er for å forsvare eit høgst naudsynt

vegvedlikehald, og i tillegg for å vidareutvikle vegnettet ved nyinvesteringar.

3. Det må vere ein absolutt føresetnad for overføring av ansvaret for øvrige riksvegar at kostnadene blir kompenserte fullt ut og at vegnettet blir overlevert i forsvarleg stand.
4. Skal regionane bli ei aktiv prioriteringsmyndigheit innanfor vegsektoren, er det nødvendig at dei har ansvaret for dei strategiske prosessane rundt det regionale vegnettet.
5. Det er positivt at folkehelse blir presisert som ei ordinær oppgåve for regionane. Vidare at regionane også får ansvaret for tannhelsetenesta i framtida.
6. Fylkestinget i Møre og Romsdal meiner at regionale forskingsfond vil bli eit verdifulle nytt verkemiddel for regionane. Forskingsfonda vil gje regionane betre tilgang på forskning som ein viktig føresetnad for utviklinga i regionane. Fylkestinget har behandla dette i eiga sak.
7. Fylkestinget i Møre og Romsdal legg til grunn at alle oppgåver der det er behov for regionalpolitisk skjønn, og som er viktige for den regionale utviklinga, skal bli lagt til fylkeskommunane.
8. Fylkestinget vil peike på at dei overordna måla med forvaltningsreforma er eit forsterka folkestyre lokalt og regionalt og at ein gjennom regional samordning skal auke verdiskapinga og sysselsetjinga ved å nytte dei lokale fortrinna. Dette er gevinstar som burde fått ein større plass i høyringsnotatet, og særleg i dei vurderingane som dei einskilde fagdepartement har gjort i sine framstillingar.
9. Ved at det einskilte fagdepartement har hatt ansvaret for framlegga i høyringsnotatet, er det ikkje gjort ei heilskapleg vurdering av ny oppgåveportefølje for fylkeskommunane. Det er heller ikkje vurdert om summen av framlegga samsvarer med Stortinget sine føresetnader for reforma. Det er ein svakheit ved høyringsnotatet.
10. På fleire område følgjer ikkje høyringsnotatet opp dei føringane som er gitt i St.meld. nr 12 (2006-2007) og av Stortinget i deira behandling av meldinga. Fleire av forslaga i St.meld. nr. 12 (2006-2007) er ikkje vurderte, og fleire er utsette til ei seinare behandling. Særleg er dette tydeleg på kulturområdet der fleire spørsmål blir skuva ut i tid.
11. Fråsegna frå Møre og Romsdal fylkeskommune om nye oppgåver blir elles slik det går fram av fylkesdirektøren sine merknader til dei konkrete forslaga i høyringsnotatet slik dette er framstilt i saksframlegget.
12. Fylkestinget i Møre og Romsdal har gitt fleire høyringsfråsegner tidlegare om regionstruktur. Det er ikkje noko i St.meld. nr. 12 (2006-2007), vedtaka i Stortinget 10. mai eller i høyringsnotatet som gjer at Møre og Romsdal fylkesting har endra sitt standpunkt: Fylkestinget i Møre og Romsdal avviser store landsdelsregionar til erstatning for dagens fylkeskommunar.
13. Fylkestinget i Møre og Romsdal føretrekkjer modellen med forsterka fylkeskommune framfor regionmodellen slik modellane er omtala i St.meld.

nr. 12 (2006-2007).

14. Saka om forvaltningsreforma viser tydeleg kva som er einskapsfylket sin styrke. Uavhengig av kva løysing Stortinget kjem fram til, kan fagmiljøa halde fram samla i einskapsfylket. Einskapsfylket vil og handtere lett eit eventuelt skifte i oppdragsgivar på dei oppgåveområda som ligg til den felles organisasjonen. Med einskapsfylke har innbyggjarar, kommunar, næringsliv og organisasjonar i Møre og Romsdal fått ein meir robust og effektiv organisasjon.
15. Møre og Romsdal fylkesting vil leggje einskapsfylkemodellen til grunn for framtidig organisering av regionnivået. Det er godt dokumentert at forsøket med einskapsfylke har hatt positiv effekt for samhandling, ressursutnytting, innovasjon og regional utvikling i Møre og Romsdal. Dette tek og kommunane frå fylket opp i sine høyringssvar. Fylkestinget i Møre og Romsdal synest det er gledeleg at Stortinget den 10. mai opna for ei vidareføring og vidareutvikling av einskapsfylkemodellen der det er regionalpolitisk vilje til det.

Behandling i Fylkestinget - 16.04.2008

Kristin Sørheim, Sp, fremma følgjande forslag:

"Alternativt pkt 15

15 a

Forsøket med einskapsfylke har hatt positiv effekt for samhandling, ressursutnytting, innovasjon og regional utvikling i Møre og Romsdal. Fylkestinget i Møre og Romsdal viser til at Stortinget har opna for ei vidareføring og vidareutvikling av einskapsfylkemodellen der det er regionalpolitisk vilje til det. Møre og Romsdal fylke ønskjer å vidareføre einskapsfylkeforsøket, også etter 2010, men da gjerne som eit nytt forsøk der det vert overført fleire oppgåver til regionalt folkevalt styring. Den politiske dimensjonen i forsøket må styrkast. Det må også vere mogleg å ta ut ein administrativ effektiviseringsgevinst lokalt.

15 b

Med dei nye oppgåvene som er foreslått til regionane, td innanfor havbruk, planlegging, miljø og utdanning, vil det bli viktig å ha fylkesmannen som ein sjølvstendig instans for klage, kontroll og tilsyn, og også med ein sjølvstendig rett til å fremme motsegn i plansaker."

Svein Atle Roseth, KrF, fremma følgjande forslag:

"Nytt pkt 16

Regional stat bør i størst mogleg grad følgje grensene til dei nye regionane."

Asbjørn Rutgersen, SI/Tvp, fremma følgjande forslag:

"Møre og Romsdal fylke viser til mindretallsforslag i sak T-47/05 NOU-2004:14 livskraftige distrikter og lokalsamfunn og fremmer forslag som følgjer:

Møre og Romsdal fylke skal basere sin virksomhet på to forvaltningsnivå, eit statleg/statleg regionalt og eit kommunalt nivå med forskjellig strukturell oppbygging avhengig av den enkelte kommune sin størrelse. I hovudsak skal tenesteproduksjon skje i kommunane. Det skal vere rom for store regionale kommunar (etter forskjellige modellar), interkommunalt samarbeid og mindre kommunar med eit smalare tenestetilbod. Statlege/statlege regionale oppgåver må samordnast betre, og ein løysingsmodell kan for eksempel vere eit "Einskapsfylke" som koordinator for statlege og statlege regionale oppgåver av ein slik karakter at dei må løysast på eit overordna regionalt nivå. Indirekte politisk representasjon i ein slik "Einskapsfylkemodel" kan vere aktuell."

Votering:

Forslaget frå Rutgerson vart vraka med 25 mot 22 røyster.

Tilrådinga punkt 1 – 14 vart samrøystes vedteke.

Ved prøvevotering over punkt 15 a i Sørheim sitt forslag, var forslaget vraka med 24 mot 23 røyster.

Forslaget frå Sørheim til punkt 15 a vart vraka med 36 mot 11 røyster.

Forslaget frå Sørheim til punkt 15 b vart vraka med 45 mot 2 røyster.

Tilrådinga punkt 15 vart samrøystes vedteke.

Forslaget frå Roseth vart samrøystes vedteke.

Samrøystes vedtak i Fylkestinget - 16.04.2008

1. Møre og Romsdal fylkeskommune viser til sine tidlegare vedtak om regionnivået, med fleirtals- og mindretalsmerknader (vedlegg). Einskapsfylkemodelen står sentralt. Forskningsrapportar og evaluering av forsøket har vore alt overvegande positive. Med full integrering av økonomi- og arkivsystem på fylkeskommunalt og statleg nivå regionalt, vil effektivitet og rasjonell gjennomføring kunne bli endå meir positivt.
2. Møre og Romsdal fylkeskommune er positive til at fylkeskommunane gjennom forvaltningsreforma får overført nye oppgåver. Særleg på samferdselsområdet er ansvaret vesentleg utvida. Det er positivt at fylkeskommunane no får ansvaret for øvrige riksvegar med tilhøyrande ferjesamband. Føresetnaden må vere slik det framgår av uttale til NTP 2010 – 2019 punkt 16, sitat: Øvrige riksvegar skal ifølgje NTP-forslaget overførast til fylka i den stand dei er i ved overtakingstidspunktet i 2010. Fylkestinget støttar denne reforma, men krev eit langt større økonomisk bidrag frå staten enn NTP-forslaget. Dette er for å forsvare eit høgst naudsynt vegvedlikehald, og i tillegg for å vidareutvikle vegnettet ved nyinvesteringar.
3. Det må vere ein absolutt føresetnad for overføring av ansvaret for øvrige riksvegar at kostnadene blir kompenserte fullt ut og at vegnettet blir overlevert i forsvarleg stand.
4. Skal regionane bli ei aktiv prioriteringsmyndigheit innanfor vegsektoren, er det nødvendig at dei har ansvaret for dei strategiske prosessane rundt det regionale vegnettet.
5. Det er positivt at folkehelse blir presisert som ei ordinær oppgåve for regionane. Vidare at regionane også får ansvaret for tannhelsetenesta i framtida.

6. Fylkestinget i Møre og Romsdal meiner at regionale forskingsfond vil bli eit verdifullt nytt verkemiddel for regionane. Forskingsfonda vil gje regionane betre tilgang på forskning som ein viktig føresetnad for utviklinga i regionane. Fylkestinget har behandla dette i eiga sak.
7. Fylkestinget i Møre og Romsdal legg til grunn at alle oppgåver der det er behov for regionalpolitisk skjønn, og som er viktige for den regionale utviklinga, skal bli lagt til fylkeskommunane.
8. Fylkestinget vil peike på at dei overordna måla med forvaltningsreforma er eit forsterka folkestyre lokalt og regionalt og at ein gjennom regional samordning skal auke verdiskapinga og sysselsetjinga ved å nytte dei lokale fortrinna. Dette er gevinstar som burde fått ein større plass i høyringsnotatet, og særleg i dei vurderingane som dei einskilte fagdepartement har gjort i sine framstillingar.
9. Ved at det einskilte fagdepartement har hatt ansvaret for framlegga i høyringsnotatet, er det ikkje gjort ei heilskapleg vurdering av ny oppgåveportefølje for fylkeskommunane. Det er heller ikkje vurdert om summen av framlegga samsvarer med Stortinget sine føresetnader for reforma. Det er ein svakheit ved høyringsnotatet.
10. På fleire område følgjer ikkje høyringsnotatet opp dei føringane som er gitt i St.meld. nr 12 (2006-2007) og av Stortinget i deira behandling av meldinga. Fleire av forslaga i St.meld. nr. 12 (2006-2007) er ikkje vurderte, og fleire er utsette til ei seinare behandling. Særleg er dette tydeleg på kulturområdet der fleire spørsmål blir skuva ut i tid.
11. Fråsegna frå Møre og Romsdal fylkeskommune om nye oppgåver blir elles slik det går fram av fylkesdirektøren sine merknader til dei konkrete forslaga i høyringsnotatet slik dette er framstilt i saksframlegget.
12. Fylkestinget i Møre og Romsdal har gitt fleire høyringsfråsegner tidlegare om regionstruktur. Det er ikkje noko i St.meld. nr. 12 (2006-2007), vedtaka i Stortinget 10. mai eller i høyringsnotatet som gjer at Møre og Romsdal fylkesting har endra sitt standpunkt: Fylkestinget i Møre og Romsdal avviser store landsdelsregionar til erstatning for dagens fylkeskommunar.
13. Fylkestinget i Møre og Romsdal føretrekkjer modellen med forsterka fylkeskommune framfor regionmodellen slik modellane er omtala i St.meld. nr. 12 (2006-2007).
14. Saka om forvaltningsreforma viser tydeleg kva som er einskapsfylket sin styrke. Uavhengig av kva løysing Stortinget kjem fram til, kan fagmiljøa halde fram samla i einskapsfylket. Einskapsfylket vil og handtere lett eit eventuelt skifte i oppdragsgivar på dei oppgåveområda som ligg til den felles organisasjonen. Med einskapsfylke har innbyggjarar, kommunar, næringsliv og organisasjonar i Møre og Romsdal fått ein meir robust og effektiv organisasjon.
15. Møre og Romsdal fylkesting vil leggje einskapsfylkemodellen til grunn for framtidig organisering av regionnivået. Det er godt dokumentert at forsøket med einskapsfylke har hatt positiv effekt for samhandling, ressursutnytting, innovasjon og regional utvikling i Møre og Romsdal. Dette tek og

kommunane frå fylket opp i sine høyringssvar. Fylkestinget i Møre og Romsdal synest det er gledeleg at Stortinget den 10. mai opna for ei vidareføring og vidareutvikling av einskapsfylkemodellen der det er regionalpolitisk vilje til det.

16. Regional stat bør i størst mogleg grad følgje grensene til dei nye regionane.

Ottar Brage Guttelvik
fylkesdirektør

Vedlegg:

1. *"Forvaltningsreformen – forslag til nye oppgaver til det folkevalgte regionale nivået"*. Høyringsnotat frå Kommunal –og regionaldepartementet.
2. *"Regionenes oppgaver og inndeling – innspill til fylkeskommunenes uttalelser"*. Notat frå KS datert 11.03.08.